

# 100-års minner

Fra tiden 1890 til 1910

\*

Disse minnene er nedskrevet i forbindelse med at «Nasjonalforeningen for  
eldres helse og velferd» i 1964 utlyste en minneoppgave for eldre.  
De skulle skrive om bl.a. barndomstiden, skoletiden, sommer og vinter-liv,  
helsetilstand, ungdomstiden, giftermål og lignende emner.

Her er et utvalg minner fra nærområdet:

Haverabø i Suldal	– side 2
Njå i Time	– side 7
Mauland i Time	– side 14
Årstad i Sokndal	– side 25
Søyland i Gjesdal	– side 31
Ålgård i Gjesdal	– side 36
Heskestad i Lund	– side 40

\*

Aaland Gård, mai 2010  
Paul Tengesdal

# Minner fra Haverabø i Suldal

Fortalt av en som voks opp på stedet, og som siden ble skomaker. Der var en krins med 8 gardar, og mange hus på hver gard, opptil 10-12. Gardene var meget bratte, og ned til Suldalsvatnet var det så bratt at det bare kunne kjøres med drag-slede. På heia var det stølsdrift om sommeren. Det var langt til kirken, men skulehuset stod like ved.

\*

Mine første minne har eg fra eg var 2 1/2 år. Me barn var med mor på Stølen. Min eldste søster skulle heim og lesa for presten. Mor laga til nista og la bøkene i et plagg ho skulle ha med. Ho måtte hoppa over ei lita å, og så miste ho knytet på åna. Mor sprang til og fekk tak i det. Dette må ha gjort et sterkt inntrykk på meg for eg minnest det som om det skulle ha vore i dag. Det var en lang vei me hadde frå Stølen til kyrkja, 3 fjerdingar å gå heime, en fjerding å gå ned til Suldalsvatne og ro 5 fjerdingar, og så å gå en fjerding til kyrkja. En vaksen kar måtte vara med å ro, de kunne ikkje styra dei åleina. Dei les ein gång i veka. Barneheimen min var Austorå, Haverabø i Suldal.

Der var en krins med gardar, 8 i talet som lå i en kvelve, i Austorå og Holene nedi flaten. Der var mange huser på kvar gard opptil 10-11. Det var Hesthus, Grishus, Sauahus, Eldhus, Badstova, Smidja, Kvernhus, Torkehus, Stabu, Våninghus og Løahus. Gardane var mykje bratte, og ikkje skikka for maskinbruk, for det mesta. Det var å gå med stutturv og børtatåg. Nå bruka dei en del maskiner, å kjører inn høyet, ja der er enda til Traktorar. Ned til Suldalsvatne er så bratt at der er ikkje kjørandes med annet en dråga-slede. Alt som skal til gards må berast eller kløvjast. Er det tunge ting som skal til gards, material til huser t.d., så må det tast opp på snøføre. I heidi hadde me mange høyløer og stølshus, tilsammen 17 i talet. Høystakker hadde me endå fleire av. Me hadde ca.. 400 bører med høy som måtte heim om vinteren på snøføre attåt lauv og ved, det var mange vender å gjera.

Dei var mykje sjølvhjelpete med alt. Arbeidet sjølv alt dei trång, både inne i huse og ute. Møbler var det sparsomt med, det var nogen stoler, senger, benker og bord. Ungdommen lå alle på lemman i ei rom. Om vintrane då mannfolka ikkje kunne koma på heidi, var det å arbeida inne med litt av hvert som trångst i husa, både ute og inne, alt laga dei sjølv. Tresko var der alltid lager av. Gikk der nogen sunt, var det å finna eit par nye. River og orv var alltid paa lager, kunne ikkje sitja med slikt i ånnene. Dei sat sjelden å ikkje gjorde noke. Arbeide på kådler, bøtter, stamper, holkar, alt slikt laga dei kvar til seg. Treskeier bruka dei mykje. Det første eg kan minnast var hornskeier, av verahorn og kuhorn. Verahorn lika dei best. Der var ein mann i Kverven som var glup på dei, han fekk bestilling langveis fra.

I vetler (gjestebud) bruka dei bare treskeier og hornskeier som dei lånte av kvarandre, gafler fantest ikkje. Om vintrakveldene kunne det bli trangbolt i stovene, dei kom gjerna inn med høysleder og kjelker dei hadde kjørt sunt, og som måtte setjast i stand til om morgon. Der satt gjerne 2 - 3 kvinner og spann med kvar sin rokk. Belysningen var ei parafinlampe som alle skulle sjå av.

Der var skorstein og gruva som dei kokte i, i min barndom, men dei blei seinere uthvid. Krøterstiet (stell) var kvinne-arbeid, unntaget øykjen som mannfolka stidde. Kvinnene hadde det mest travelt om vintrane, skulde ha heila stiet (stellet), halda huset i stand, vaska klær, bøta og spinna, og veva 2 -3 vevar, alle klær var vedmål, både gånge-klær og senge-klær var vedmål, det var nåke som stod for ein støit. Eg og min yngste bror måtte mykje gå mor tilhånde med stiet. Bæra inn ved og vatn, vaska golvane kvar lørdag, vigla, vinda sneller, spola då dei vov. Me måtte ha kvar sitt, ellers blei det kjegling. Mor var ein meister til at få oss gutar til å arbeida. Alltid var hun i godt humør, hun ga oss akkorder, då me hadde gjort det og hint, kunne me vara fri, og då gikk det i ein fei. Mor var den som hadde med oss med lekselæring, lærte oss kveldsbønner og bordbønner.

Eg var ein «krypp» då eg var liten, var mykje sjuk, dei trudde ikkje eg hadde vokse opp, hadde vanskelikt å få sova då det blei mørkt i stova, bad mor at hun måtte ikkje legge seg før eg hadde sovna. Hun satt oppe mang ein kveld, etter dei andre hadde lagt seg, og song salmer som eg ikkje har gløimt ennu, og som eg er taksam for. Eg hadde verdens gildaste mor.

Me måtte gjeta smalen om vårane og kjydne med. Dei ville settja til heidi fortidlikt – der var fare for holfinner for smalen. Me flytte til heidi så snart der blei mat for krøtøri. Det var 2 jenter som byrja på stølen; min søster og ei leigejente. Då dei hadde lauva, og sleie av den tjokkaste enga, flyttet alle på stølen, grisen med, heima fantest ikkje hverken folk eller fe. Mor med oss smågutane overtok stølengen, jentene måtte raka. Eg var den mellomste av oss guttane, og måtte ha tilsyn med krøtøri, at dei kom på stølen til molketid, noko som dei gjorde, unntagen då det var regn. Da gav gjeitene seg til under hildrar og i livder. Det kunne være ein heil jobb å holda dei på stølen hvis det var regn, dei lika ikkje regn. Om kveldane fekk både kjyr og gjeiter salt då dei kom på stølen. Og då kom dei springane og ville mest trø oss ned. Gjeitene blei molka først, både kveld og morgen, om morgen fekk og kjydne salt før dei gjekk i beite. Mine brør var med mor og molka.

Klokker hadde me ikkje på stølen. Når der var sol, var det skuggane me såg på, var der skyet var det gjeitaugo me såg på. Det svarte i augo blei avlangt om kvelden om morgen var det rundt. Me hadde ein del leige krøtør både kjyr og gjeiter. Kjyrne molka me for den sura mjølko som dei laga til fatost og gamalost. Møso kokte dei til møsmør (prim) gjeitene betalt dei med pengar, veit ikkje kor mykje. Kalvar og gris levde av mosa og surmjølk og gras som dei fant sjølve. Det var nett ikkje noke feite, for grisen især, men den blei treven, så var det å gjø han ei tid før den skulle slaktast. Då slottetfolket slo i nærheten av stølen kom dei på stølen og låg, då dei kom lenger fram var det me guttar som måtte bera mat til dei, der dei slo. Det gikk mykje med graut og gjeita\* flatbrød og spekekjøtt bar dei med seg. Kunne ikkje koka middag, for i slåttene var det ikkje anledning med det.

I min barndom var det ikkje tale om kaffe i heidi, bære sur mjølk som var både helsing og godt. Aldrig feilte me noke då me var i heidi. Me måtte vara på stølen til 14 dagar før \*\*, mitten av september, \*\* flytta heim på lørdag, den helgen kalte dei «buforhelgen» høgtidshelg. Siste natten me var på stølen var det for kvinnfolka, å sittja oppe heila natti og koka «bufordroven», som dei bar med heim. Den gildaste dag eg kan minnas, var då dei kom og skulle flytta oss heim av stølen, då var me leie både folk og fe. Me måtte vara ute kos vere var, krøtøri vilde heim, me kunne mest ikkje sjå augo av dei, igjønno-blaute som me var, hadde me det ikkje godt då. No var sommeren slutt for oss borna, nå var det *Skulen* som stunda til.

Skulehuset stod tett med oss. Skule kvar dag i 3 veker og så holt me opp 3 veker. I fritiden var det helst ski-rinning for guttane, jentene var det kjelker å renna på då snøen var hard. Om våren då snøen var foren, var det jepping for guttane, og monking for jentene. Om vintrane var det heidi for mannfolka – å få heim høy, lauv og ved. Det kunne bli ein hard jobb hvis det var dårlikt med føre og ver. Me guttane måtte bera heim andeborr (?), brake og lyng til å ha i hevda. Vintra-kveldene kunne mannfolka gå i stovene til kvarandre å prata om ditten og datten. Fortelja skrøner og skremsle og huldresoger så me borna fælte så me ikkje torte gå ut om kveldene. Det var ein god skikk å gå til hinandre slig, det blei eit godt naborforhold med det.

Naborforholdet var særst godt der i kverven. Eit døme på det. Det traff at det ville koma regn i torrøiet for nogen, og en hadde fått inn sitt, var det å springa og hjelpa, det er meir enn dei gjer idag, dei vil helst gleda seg hvis dei får regn i torrøiet.

Jentene hadde noke dei kallte å «sittja-itte-seta». Dei gikk til kvarandre ein kveld i veka, og arbeidet til seg sjølve. Då kunne dei treffa guttene, og var med for lag, dei sat gjerne og stevjast, sång stev mot kvarandre. Det var moro for alle å høira på. Søndagene kom gjerne ungdommen saman i stovene til kvarandre for å finna på moro som dei sa, dei gikk i ring og sång og holt kvarandre i hendene, eller fant på sittjane moro. Gjerne kunde det henda dei tok seg ein dans, Springar som dei brukte i den tid. Der var alltid nogen jenter som var flinke til å tulla (tralla). Spelemann fantest ikkje

der i kverven då, der hadde vore ein, men han var for gamal då. Som regel var ikkje dei ældre så trångsynte, ungdomen måtte få røra på seg. Når der ikkje var drikk med i laget, tålte dei at dei mora seg. Der var noke *utegång* med guttane om lørdagskveldene og søndagskveldene, dei gjekk som regel fleire i lag. Var dei ute på friing gikk dei helst alene, og ein annen kveld, det måtte holdes hemmelikt hvis dei var ute på slikt. Utegutane som dei blei kalte, kunne gjera gagnsverk au. Ein søndag hjå oss, me hadde turt kodn, og der såg ut til å koma regn, men det gikk ikkje an å arbeida på søndag, det var dei strenge med. Om mandagsmorgen far kom ut, var alt kodne indbore og lagt fint ifrå seg gjort.

Der var dei som ikkje tålte utegutane, men der måtte dei alltid vara å pirka i dei. Der var særlig ein, han måtte dei alltid erta på. Det var ein vintrakkveld dei skulle ha han fatt. Unggutane var inne og fekk han opp og ut etter seg. Dei stilte seg, ein paa kvarsi sida utfor gangdøra. Han kom lika i gangdøren i bara skjorten. Så tok dei han, ein i kor armen, og ut med han utfor ein lang bakke. Då dei kom nedunder slepte dei han, då måtte han traska oppigjen i snøen og i bare sjorten, det lærte karen – men det var ein hard skule.

Ein vår måtte eg til ein nabo og gjeta, me var 3 gutter som dei kunne undvære, en falt då på meg, eg var i 10 årsalderen då. Me var 3 i lag som gjette saman, så det gikk godt då me var i marken, men om kvelden då me kom heim, og eg såg nedi tune heime og såg søsken mine, då gikk det «tilsørs» med meg, gikk heim og klagte, eg kunde ikkje vare lenger, men det hjalp ikkje, eg måtte tilbake og vara turen ut, og det var bare godt, hadde eg fått til vane å komt heim då det ikkje passet, hadde eg ikkje kunne vore noken plass.

Me fant på litt av hvert då me gjette, der var ein som gjette på andre siden av ei å, som me var jamt saman med. Ein dag kom me i tale om kinn som hadde beste kjydne til å slåst, me blei naturligvis ikkje enige, men det måtte me ha greia på, me dreiv vore kjyr over åen, dei slost så torvene fauk, men det sa me ikkje heima. Eg var færdig med gjetingen då smalen gikk til heidi, og fikk gå heim. Då fekk eg 2 *gamle* kringler for å ha gjett heile våren. Eg var ikkje høy i hatten då eg kom heim med løno mi. Hadde eg fått 10 øre hadde det vore storartet. Eg forsømde ikkje noke, men likavel, det gav ikkje meirsmak til å gå ut å tjena.

Eg har ikkje vore utsjemt med stor betaling. Må fortelle ka eg fekk då eg gikk rundt og arbeide sko. Var på Sand i skomakarlarere, det almindelige var 2 aar i lære, ingen betaling. Eg slapp med 1 1/2 år mot at eg holt meg sjølv med maten dei første vekene eg var i lære. Arbeidstiden var frå 7 morgen til 9 kvelden, og hadde ein time fri middag om sommeren. Om vinteren hadde me fritime i mørkningen då me ikkje såg længer. Då eg var ferdig i læren, var det å tråla rundt i Suldal, i husene og laga sko som det hette. Dei holt all material, det var bare å arbeida. Det var ofte heimebarka lær, skrukkut og mykje kjøtrås å skrapa av, og smørge og reia, og sy alt av hånd, kunne ikkje bæra på maskin rundt i husene. Det var ein lang dag. Skulle me greia eit par sko til dagen, og det måtte me gjera. Og så 70 øre for å arbeida eit par nye sko, dei gamle skomakarene tok 75 øre. Då eg begynte måtte eg vara 5 øre billigere, dei såg på ein 5 øre då, og sa takk for arbeide då me gikk.

Det var helst om våren me gikk rundt slik, dei hadde ikkje penger før om hausten då dei fekk selgt nogen lamm og smør og ost som dei drog om sommeren. Fekk kvart øre, det var knøgne tider for folket, men så fornøiet og nøisamme som dei var, det var mest rørane å tenkja på. Om sommeren gikk eg på slåt, om vintrane sat eg på Judaberg hjå ein skomakar der. I 1899 reiste eg til Avdal nesten 23 år gamal, og har bott der siden.

Me hadde det godt då me gikk rundt slik, men skulle ikkje sittja tilbords med husets folk. Men sat med eige bord og med bedre mat, det var ofta dei hadde skredder samtidigt, me blei holt som halve embetsfolk. Det kunde vara moro au å sittja inni stovene å prata med kvinnfolka, men det blei smått med pengane, og så gikk der mange dar i føiten i flytting. Det var frå 2 - til 6 dar på kvar stad.

Då alt var innhausta, var det å trøsja, mala og baka til brød. Der sat 2 kvenne i ei veka å bakte, dei *bakte* for eit år. Før dei bakte *slakta* dei 2 bukkar på ettersommaren, gjerne 2 gjeiter eller

sauer og ei ku eller stut om hausten, og gris til jul. Det var veldig kor dei slakta, men så gikk det med kjøt, pølsa og flesk støtt, sild såg me sjelden, og ikkje ofta fisk heller. Alt vart tørrsalta, ingen ting var gjort lake på undtaget sølkeflesk, det låg i salt ei tid, så blei det oppheng i eldhuset og røykt, og så hengd opp i staburen der det hång til det var oppete.

Etter nytår venta kvenndi paa Rokkakar som dei var *spent* paa korleis han såg ut. Låvakjering haurte eg ikkje snakk om, men kom der noken i låvadøren då *trøgste* var, pla dei å lægge tusten runt halsen på han, då måtte han synja låvaviso for å sleppa fri. Det traff der var lausekarar som fekk bu i husene, og holt seg sjølve med maten. Dei gikk på dagssjauar, eller «jupeveiding». Om vintrene kunde ein få noke rjupa i snårene som me fekk 70 - 75 øre paret for, nå får dei 5 - 6 kr. stykket for dei. Kortspel var strengt forbudt så længe me gikk i skulen, det var å lura seg til, å sittja i uthusa og skamfrosa om vintrane, Traff det at dei vaksne kom over oss, så var det at dei skulle seia det med skulemeisteren, så me var spent på om han visste noke, men det gikk av i likaste laget.

*Læsestof* var det skralt med i den tid. Der var eit blad som hette Stavangeravis ugeutgave, og kom ein gong i veka. Der var vist ei avis som hette Vestlandsposten, men eg tror ikkje den var der i krinsen, den var eit organ for dei moderate, som byttet navn flere gange, Bondepartiet, og nå Senterpartiet. Høyre var der lite av, var der noken, gikk dei saman med Modarate. Arbeiderparti fantest ikkje i den tid.

I Hamrabø var 8 *husmend* i sin tid, kan minnst 4 kor der budde folk, no er der ingen, noen for til U.S.A, andre er døde. Minnst 3 Røykstover der budde folk i, der var stova, kåve og gang. Borna låg på smalhuslemen, sauene i første etasje. Der var varmt og godt så dei naua ikkje der, og ikkje haurte eg dei naua av usundheten heller. Om våren flyttet ungdomen på løa eller stabur og låg der til om hausten, varmt og godt så dei naua ikkje der, og ikkje haurte eg dei naua av usundheten heller.

Når *julen* nermed seg, var det eit svært stas. Byta halm i sengene, sengklær som ikkje kunne vaskast, Rigger og skinnfeller måtte i Badståvo og «døiast» som det het. I eldhuset var bakarogn av gråstein, som dei bakte ognakaka til jul av grov rug. Og så gikk det med Rofelkaka og Kling (lepsa). Julaftest kvelden var det smørgraut. Då måtte alle ha vaska seg og bytt klær før me åt.

Då me var komne tilbords var det å sjå etter om me såg skuggen av alle. Var der nogen du ikkje såg skuggen av, var det mindra gildt, for dei var feige og ikkje levde neste jul. Kunne treffe me hadde lufafisk julafteskvelden. Natten til første juledag brente dei ljøs heila natten. Då dei støpte ljøs om hausten, laga dei 2 store julaljos og en del mindre, og masse små ljøs til å ha i sjåløkten. Juldags morgen kom mor, og for på lemnen, med mat og kaffe til oss born, og med glædelig jul. Gløimde me å seia glædelig jul då me kom ned, måtte me gå utigjen og komma inn att og seia glædelig jul. Me måtte bera inn julen. Første juledag fekk me ikkje lov å gå ut, noken plass. Det kunne halda hardt, då der var fint skiføre, å ikkje få renna på ski, men dei var nøie på at skikkene måtte holdes. Anden jule var me fri, då kunne me få gå ut og til kvarandre, og «jula» oss, det var til å gå til kvarandre. Det tok fleire dar å bli ferdige med det. Det traff at ungdomen kunne sjenkja seg vel mykje, gikk frå hus til hus og skralte og sång. Me born sat i kvar si kro avskremte, det galt om å ståka mest mulikt – ein dårlig skikk. Kom ein inn i ei stova i julen, fekk han ikkje gå ut igjen før han hadde ete noke – måtte ikkje bera julen ut igjen.

I kverven var der ein mann dei brukte å henta då der var kjoyr som dei trudde feilte noke. Då han hadde undersøkt dei, var det mest alltid det var (Gollersott) dei leid av. Det var å la dei blø under tongen, eller la dei blø under halen. Ein annen var der og som putla med folk au. Det var åreladning, Kopping eller Igling. Kan ikkje huksa der var jordmor der i kverven mens eg var heime. Der var ei kona dei brukte, og aldri haurte eg annet en det gikk godt.

Der var ingen reliøse rørsler der i kverven som eg kan minnst. Dei var svært flinke til å reisa *til kjerken*. Det var til Nesflaten dei reiste til, det var nermest. Der var ein 8 æringsbåt i kvar kverv, det traff ofta dei kom i nerheten av kvarandre, og då bar det gjerne til med kapping. Det satte seg gjerne 2 for kvar åre, og rodde som det skulle gjelde livet.

Børa-tåg laga dei mykje sjølve, av bost som dei reiv av Linde tre (barken) om våren då den svadde, og la det i vatn, som det lå i heile sommeren. Det var vintra arbeid. Dei bruka det mykje til drefte i kjelkar og meislemde. Dei var så gilde med, dei blei ikkje harde om dei blei våte. Til torrhøi bruka dei kabel.

Når dei skulle gifte seg, var det bruden til å gå runt å be til *brylluppet*, og då var hun høytidelig. Då var det å stille seg opp att med døren og bera fram ærindet sitt. Hun skulle hilse frå mor og far og frå brudgomen og seg sjølv, og så måtte dei vara gilde ikkje å forsmå tilbudet. Heimafylja var etter som dei hadde råd, var det garda-folk og dei stod seg godt, fekk dei gjerna ei ku, ellers gjekk det mykje med sengeklær. Kråsnaklæ, Rugger og Kvitlar.

Bruden gav gjerne brudgomen eit par fine sokkar eller eit par fine brugda-sokkeband. Brylluppet varte helst 3 dage, og stod hjå brudgomen. I brylluppet gikk det mykje med dans, seint og tidlikt.

*Brylupps skikkar.* Folket møtte helst opp om aftan, om morgon var det å eta og færa seg til å reisa til kjerken. Der blei valgt embetsfolk før dei drog; det var Leiesveinnar, Følgesmenn, Brurakoner, og Brudepiger. Spelemann gikk føre og spilte bruramarsen både då dei gikk og då dei kom attande. Leiesveinnene var det som hadde mest å gjera. Dei måtte passa på brura, stå til tjeneste, hjelpe henne uti båten, og passa på at ingen fekk forurette henne. Då dei var komne frå kjerken, og bruragrauten skulde berast inn, var eit problem. Kjøgemesteren kom og ville snakka med bruden og få henne ut, for å bera inn grauten. Men leiesveinnene meinte nei, bruden fekk ikkje rikka seg før dei hadde fått så og så mange flasker øl, som der som regel var. Der blei ei heil akedering, som ente med at dei fikk det dei forlangte, men så var det om hun hadde bruraskone på, dei var slemme til å lura skorne av henne og då var det ei skam av leiesveinnene som ikkje hadde passa bedre på Bruro. Men dei var så tjent med det og passte alltid på. Det endte med at dei fekk det dei forlangte. Brura og ein flokk med koner måtte til eldhuset etter brura-grauten. Bruden føre og en flokk koner etter med kvar sit grauta fat. Då dei gikk frå eldhuset var de noken som skaut. Ligedan då hun gikk inn gangdøren og då hun satte fatet frå seg på bordet. Nå var leiesveinene fri brura, så var det for dei å sjenka gjestene av det dei fekk for bruden. Når bruragrauten skulle kokast, var det kokken til å velja 2 av dei beste karane blant gjestene til å vara med å røra i grauten. Det var ikkje noke lett arbeid. Dei kasta trøien og stod i så sveitten randt. Ei stor brønningsgryta og ei tvåra på ein meter. Det var før dei fekk grauten til å sviva, at det holt åt.

Der var som regel 3 bord i stovo, og fleire fat på kvart bord. Alle samman åt or sama fatet, der dei rokk til. Var det kjøt og suppa var det likedan, opp i fatet med skjeen og leita etter kjøt og eple (jordeple). Talerkener hadde dei ikkje. Det var å ta eit stykke flatbrød og lægje det på, og eta suppa or sama fatet. Ikkje nett noke sanitert! Ein kunne venta mykje sjukdom etter slikt, men haurte ikkje så mykje snakk om det. Men der var mykje saman-gifting med søskenborn og trimeninger, der blei det meir av og til, gjer åndsvake. Til å beda i *likfærd* var det ei eldre kona som gikk rundt og bad til gravfærði.

*Ein forsiktig handelsmann.* Det traff dei kunne bli skyldig nogen øre, det kunne han ikkje spandera papir på, men skreiv det på ei tavla. Der kom inn ein ein dag, som var skyldig eit øre, han spurgte han om han ikkje kunde betale det øre, så han fekk stryke det ut. Ein var der som bad om å få ei fyrstikka til å tenna pipo si, han hadde stikker å selja, sa han, men la fram ein dåse på disken. Mannen tennte pipo, la dåsen på disken med eit øre oppå og gikk, ein pakke stikker kosta då 10 øre.

Kan minnst dei kom alltid med ei kløv stort salt om våren, som dei la utover ei rugga på eit berg og torka, tok det samman om kvelden, og holt på fleire dar slik. Då det var tort nok, var det å gå på kverna og mala det. Det ble bruka til alt i husholdning. Dei mol og noke lettkodn sammen med stort salt, som dei kalte busalt, som dei gav krøtøri om sommeren, det bruka dei mykje av. *Betaling* til leigefolk. Om sommeren fekk ein vaksen kar 8 kr. veka i slåtten.

Det var å begynne i 5 tiden morgon og holde på til kl. 7 kveld. Jentene fekk det halve. Vaksne gutter var der ikkje som hyrte seg for året. Men jenter var der som vart hyrte for året, dei fikk ty til kjole og noke til unnekler og 2 par sko. Det traff at jentene bad om eg vilde legge rikt i

skone då eg arbeid til dei, og det gjorde eg så gjerne. Då dei siden kom til kjerken, var det å gå langt oppover kjerkegulvet, og gjera flid om å få skono til å skrika dualikt og så folket å snu seg å sjå kvin så kom inn. Men der var noke ant og med skono daa dei rikta (knista), som var mindre gilt, det hette dei vor kje betalte då dei rikta. Mine forældre blei buande paa Austerå til dei døde. Min eldste broder budde og der all sin dag. Me andre flyttet ut, nest eldste av guttene reiste til U.S.A, døde for flire år siden, så var det meg, skomaker.

Med dette for eg slutta av. Kan bare tilføie, at det eg har skrevet ned er fakta, ikkje oppdiktet.

## Minner fra Njå i Time

Fortalt av en som voks opp på stedet. Faren var gårdbruker, men også lærer. Skulestova lå i utmarka mellom flere gardar. Utkantgården Fjermestad hadde 6 km skuleveg gjennom utmarkene.

I heimen vanka det også andre lærere, jamvel presten og frua med. Her var det møter med foredrag og diskusjon. Det var mange på garden; mor og far, den store ungeflokk, dreng og jente.

\*

Tidt eg minnest ein gamal gard. Heimen min burtuner Njåfjellet. Njå namnet tyer etter gamalt kne. Frå dette kne som Njåfjellet liknar på går fjellheimen austover. Vestover breier Flatjæren seg ut til havet. Garden Valbakk må vera gamal. Husa ligg attmed Valbakken, ein elipseforma 150 m lang turr bakke flat og jamn på toppen. Det var Valen til sitt bruk i gamaltida.

Samlerstaden med leik og øving og tevling i idrott på våpenbruk, riding og hestekamp, ufred og ein liten krig kunde vel og gå for seg her. På peishylla hev me liggjande ein stein funnen her på garden som ber tydeleg merke av å vera brukt til å rota i jorda med, så korn kunde spira. Med litt fantasi i tillegg så kan ein godt tru at denne stein også hev vore tinne i den fyrste åkerhorv med kona fyre som trekk-kraft.

Den gamle ridevegen gjekk framom. Segn fortel at då eit Brurapar reid forbi vart dei burte i bruraparsteinen. Merke etter trekol brenning og tufter etter stølsdrift på Njåfjellet fortel si saga. Gamlestølen ligg høgast opp på ei grøn sletta. Nyestølen ligg vel i livd av eit stupbratt fjell. Ein liten foss Migaren høyrer til. I uver aukar han opp og går kvit. Bjørk, eik, osp, hatl hegg og ei einsleg lind klorar seg fast i tødne oppetter fjellsida. Kusommer, kvitveis, einstape og bregner veks i skogbotnen. Og god lukt ikkje å gløyma.

Av båsstøde i stølsjoset ser me at kyrne må ha vore svært små. Men for ein uneleg stad det må ha vore, gildt å leva her for folk og hulder og den kjende resen på Njåfjellet som kasta med stor stein. Rett opp på høgaste står varden Rodlo. Truleg den er frå vardevakttida. Rodlo og sletta der gamlestølen låg var sjømerke for sjøfararar i vesterveg. Fra Rodlo ser me nord til Stavanger og sørover heile Jæren. Njåfjellet er 249 m o. h. Namn vitnar om liv, utvikling og framgang opp til vår tid. I dugarkagen hadde dei dukar med opne veiter mellom så vatnet rann vekk så jorda vart turr nok for dyrking av korn og andre vekster. I Mellerholen tok dei fin sand til å reinska kvennsteinane med. Kvennhusdraget med stemm og lang vassrenna, eit fellesanlegg så dei fekk 4 kvennfall etter einannan.

Når sola kom til Dauremålsnuten var det dugurdstid i slåtten. Huset vår var av eit noko

nyare type Jærhus utan skutar. Heile huset var utvendig kled med flate panner frå panneverket på Åsland. Seinare vart veggjen mot vest, mot bygdavegen kledd med trepanel og kvit malt. Det skulle liksom vera finare. Daglegstova med kammers i nord. Kjøken og gang i midten. Buo og buakammers i sør. Frå gangen gjekk tropp opp til loptet, som var delt med vegg i søra og nøra loptet. Langs austsida på nøra loptet var delt opp fleire kornbingar. Her hekk og spekematen. Gjenta og gjentungane hadde seng og sovestaden her. Nøra loptet fekk noko varme frå daglegstova under og av skorsteinen frå grua i kjøkenet. På søraloptet låg drengen og drengungane.

Utstyret i stova bar præg av kvardagslivet. I nordvestre hyrna matbordet med forset, krakkar og stolar rundt. Mellom døra og omnen stod torvkassen. Den var rekna for ein god og varm sitjeplass. Når den 8 dagar gamle grisungen kom tilgards, fekk den bu i torvkassen nokre dagar i turr varm halm, og læra å drikka. I etasjeroma i omnen turka me nykløyvd ved. Det ga god lukt i stova, særleg runeved då. I omskråa stod omnskråbenken. Der fekk dei næstminste bodno liggja til dei var store nok til å sendast på loptet. Og vogga stod inne mest til alle tider. Me var 11 bodn i alt.

Stova var arbeidsrom. Rokk og garnvinna, ei kipa med ull og kardar. Fyrst var ulla grapsa. Det kunne ungar prøva seg på. Deretter vart det durla, fine lette rullar som så vart spunne til fin tråd. Og når så størene vart sette opp vart det helst trongbølt. Her i stova fekk også dei omreisande handverkarane rom. Særleg då skreddar, og det hende skomakar og salmakar. Desse dagane med skreddar og skomakar i huset var gilde og ein kjærkomen avveksling. Me må minnast og nemna skomakar og salmakar [PERSON]. Han sat der med rullar av ler, disken full av lerstykkje, skomakarkrakk, bek og verkty. Alt lukta ler. Han togg skrå og fortalde skrøner og historier. Var alltid i godt humør. Ei herme etter han er: «Dette æ så andre reima». Når tyet var vove og bredt etter skikk og bruk i den tid kom skreddaren i huset. Kjende skreddarar i den tid var originalen [PERSON] og [PERSON]. [PERSON] var ein framifrå songar og [PERSON] var kjendt for å vera svært slagferdig. Om kveldane sat me i ring rundt lampen og lydte til. I krokane var det myrke skuggar. Ljoset kunne titt vera dårleg nok og til hjelp brukte me støypeljos i stage eller "ljusakjæring". Skreddaren leide arbeidet og såg nøye etter at saumane var beine og stinga passeleg store. Ikkje alle hadde symaskin, så mykje vart sydd med hand.

Sko og klær skulle me ha nye til jul, tenarane skulle og ha sit, som ein del av løna. [PERSON] opplevde eit og anna. Ein gong var ho og sydde på Fjermestad. [PERSON] var fatig og nauo tala så han måtte vera forsiktig. Flatbrennaren lyste lite og [PERSON] var borti lampen og skrudde opp. [PERSON] var ikkje sein til å skrua ned. [PERSON] skrudde opp. Men [PERSON] skrudde ned og varskudde "Ingen båluld". Parafinen kosta.

Mor ville gjerne ha gardin i stova, men far tykte dei fekk greia seg utan. Då me kjøpte separator vart den sett opp i gangen og det var svære ting om laurdagskveldane når me fekk halvblanda nysilt og skumamjøl til grauten. I gangen stod også den gamle rosemåla kista frå mormors tid, [PERSON] 1815. Her hekk og ei stor fin kubjolla, som var med i heimafylje då mor kom frå Åsland til Njå. Ei ku og 12 sauer var noko av heimafylje.

Gjestene kom inn vestredøra. Buo var storstova og gjesterom. Her var gardiner og dekke på golvet - trådekkje. Bord med fin duk på. Piano, chiffonniere med klaff til å slå ned. Då såg me mange små skuffer og rom. Her hadde far alle viktige dokumenter og medisinerom. Det lukta jod når klaffen kom ned. I dei 3 nederste store skuffene hadde mor dukar og sylvty og det som måtte tas vel vare på. På bordet stod mor si potporikrukka, som ho sylta roseblad i kvar haust. Buasenga var oppreid med svulmande dyne, til høgare dess jævare. nederst ein rynka kappe. Elles gyngestol, pinnastolar og ein komode. Alt fra Moi. Det var i lys bjørk og brullupsgave til far og mor.

Her hadde lærarane etter tur møter med foredrag og diskusjon. Presten og frua hans vart bedne inn i Buo sjølv sagt og slekt og gode vener. Mor dekkja opp med det beste huset formådde. Ja her var det fest, men og høgtid som når elevane etter endt skulegang kom og henta avgangsvitnemål. Vanleg hadde dei med ei gild avskjedsgåva. Mor koka sjokolade. Minnest og at i denne bua var det frisk og god lukt, ikkje som vanleg innestengt bualukt.

Buakammerset var det vanlege gjesterom med oppreid seng, bord, stol og eit stort klæskap



og gardiner. Skikk og bruk var at far og mor kom med kaffi på senga og noko godt som julebrød, essar, bollar og sukkerkavring og kanskje eit egg når det skulle vera storslegt. I kjøken hadde me enno alt det gamle som høyrde med i grua. her hekk ei firkanta lykt med talgljos på spikeren og når lykta vart tent tidleg myrke vintersdag tok arbeidsdagen til med stell av alle dyra. Med tia vart grua uthivd og komfyr kom i staden. Det var ein lette. Nye gryter og kjelar. Men også desse reidskap si tid er slutt. No har gjerne mor sin koparkjel frå denne komfyrtida ein plass til stas.

Det var svært kjædelig med vassberinga avdi brunnen var i bislaget på øystresida. Me var mange på garden. Far, mor, den store ungflokken og dreng og gjenta. Tenarane var vanleg fleire år i trekk, høyrde med i familien og var rimelege og finslege. Ungane var glade i tenarane og grein når nokon av dei reiste. Far og mor tok oppsedinga av ungene svært alvorleg. Dei måtte få ein kristeleg innstilling og ei god, rett og finsleg moralsk framferd. Bjørkeriset eller vispen var Alvoret eller trudselen bakom. Det skulle ikkje mykje til før ein fekk straff. Litt sukker eller syltety så måtte buksa ned.

Men dette med tuktens ris var ikkje noko vesenleg og det me særleg minnest. Nei det var alt det gilde. Alle eventyr som far og mor og tenarane fortalde. Mange av desse eventyra var heimelaga. Frå skog og Njåfjellet og om dei som levde og budde der. Også det var eit ledd i oppsedinga. Var ein litevoren stakkarsleg og syten kunde bare far seia: "Hev det no vorte "dalt" av deg" så retta ryggen seg og det var slutt med sytinga. I eventyra var dalt noko så umulegt stakkarsleg at det gjekk ikkje an. Mor fortel frå tida eg var minsta badn 1 år gamal. Ein stakars foreldrelaus 11 års gut som måtte ut på tenest hjelpte mor med bodnastellet. Og betre badnaakter kunde ho ikkje fått. Når minstebadne altså var vaska og stellet og lagt i vogga sette han i gang. Voggevisa hans var heile songen av "Heime var eg så vida kjendt" og deretter 4 vers av "Hr. Sinclair drog over saltan hav". Då sov ungen alltid. Fyrst minst han badnaheimen men så stålsette han seg med krig og heltemot. I leiken var dei små med dei større og lærde av dei og prøvde elles å gjera likt dei vaksne. Dei tok ut i skog og mark, bygde seg hus og ei stova med steinseter med fin mose over. Gutane hadde stor buskap av runde, vellaga steinar, som var hestar, kyr og sauer. Med dei venaste namn. Ein dag kom dei heim frå skogen med leir og då fekk dyra ein enndå naturlegare skapnad. Til slutt klypte dei til dyr av papir og hadde utstilling på loftet. Morbror frå Åsland var sauedomar i fleire år, han kom og ga premi. Ja slik byrja det, og det slutta med at den eldste vart professor i jordkultur på Ås Landbruksskule og den andre fekk store flokkar kyr og sau på prerien i Montana.

Mor hadde så vakker songstemme. Ho lærte oss mange vakre båsullar og songar, ikkje bare av dei som vanleg vart songne. Mor hadde i sin ungdom vore på sykurs i Stavanger og gjekk då og lærde song av ein livleg tyskar saman med bror sin som var lærar. Me måtte læra både folkeskikk og bordskikk. Var der ikkje stolar nok stod ungene til bords. Grauten vart sett fram i store fat og så tøgde dei seg med treskjei eller beinskjei. Vera finsleg og ikkje ta til seg meir enn ein tilkom hvis noko godt var påstrøtt. Ikkje vera feitetande. I feitskåla måtte me ikkje duppa for djupt og slapsa bortetter bordflata. Hadde ikkje tallerken til middag, men slopebrød. Det var del av ein flatbrødsleiv, som alle til slutt måtte eta opp. Mor skar sundt og delte ut og ungene brukte mykje fingrane. Hugsar ikkje gaffel. I all fall ikkje til kvardags eller hjå folk i almindelighet. Eta bete med litt kjøt eller fleisk, poteter og meir av flatbrød.

Ei moster stod på lur og såg på dei laga høner av leir. Pynta dei med fjører og gol og kakla høgt når ei høna eller hane var ferdig. Vesle [PERSON] gjekk kikka på ein fin italiengar hane naboen åtte med blankare og meir gylte fjører enn andre hanar. Enn den som kunde fått lånt nokre fjører der. Ein kvell [PERSON] kika inn hønshuset sat hanen på vaglet. Då greidde ikkje ungen det lenger. Han inn og treiv hanen. Og det vart eit uliande og forargeleg skrik og sjau. Då vart det ikkje lenge før Besten kom lettfødt og snar i vendinga. Det vart uthiving, luing og skjenn og ei straff som [PERSON] skulle hugsar til han døydde ute på prerien 83 år gamal. Slett ikkje uliande barneminner.

Gutane kraup i tødne på Njåfjellet etter hauk og steinulvreir. Gjekk like til Mosvatnet. Søm ut til ein holme og kom heim med lomegg. Det var gjevt i eggskottsamlinga. Gutungane gjekk til

kvarandre og såg på eggskottane, tala om egg og fuglar. Det hendte dei kom heim med levande, dunete, kvite haukunar med gult nebb som dei knepte saman så det small. Kan då skyna dei måtte vera likså gode som far. Han fann eit revabøle og stapte full ein sokk med små levande revungar. Slik livde dei eit rikt, gildt og lærerikt liv etter sjølv-laga planar og vegar.

I den tid var det snøvintrar. Og me rann på slede. Ei gamal kone skriv frå Mitvesten i Amerika. Me var mange i lag og rann ned dei bratte Njåbakkane og ropte: «Hald vei!»

Det var ei oppleving for oss ungar når dei store fantefyljene kom. Taterfyljene var i den tid ei plaga. Noko blekkty hadde dei med for salg. Men det var tigging dei levde av for det meste. Fantekjerringane bar dei små ungane i ein kunstferdig rull på ryggen, og hovudet låg framover ved sida av halsen. Og mange ungar gjekk og sprang fillete, brune og skitne. Og fanten sjølv bar på ryggen ein haug blekkty. Dei tigga etter mat og klæde og ull. Dei var vår neste og måtte hjelpast. Men mange meinte dei kunne arbeidt dei og. Kom dei seint om kvelden måtte dei få hus for natta. Sendte me dei frå oss la me dermed byrdene over på naboen og det vart rekna som stor synd og skam. Var det ikkje for kaldt tok dei til takke med høystaen i løa. Ellers vart det å bera inn halm over stovegolvet. Hund hadde dei alltid med seg, og denne hunden var fantane svært glade i. Som regel var fantane fredelege. Men det hev då vore slag mellom fant og bonde på Njå. Og det endte med ein dau fantehund og ein forbrent fot for bonden. Dei tala romani seg imellom. Enn det dei kunde eta! Ein slaktar på Bryne måtte jaga ungane ut, dei var så hole etter fersk tarm. Dypte tarmen i varmt vatn, strauk av og åt. På Fjermestad stod ein mann og såg at fanten henta opp sniglar dei fant i vegkanten, stappa i munnen og åt. Mannen fortalde dette og la til: "Nei forsyne meg, ville eg ikkje heller ete ein finslege smalarort".

Den gamle skulestova låg i utmarkene mellom haug og hol. Det var eit lite kvitmåla hus med ei stova og i eine enden ein smal gang med torvskuten innføre. Det skulle vera så nokonlunde midt i bygda. At det låg utfrå tettbygde strøk skulle bare vera av det gode. Tett attmed var det eit surpedikje som me fange rumpetroll i. Far, læraren, hadde 2 1/2 km skuleveg frå garden sin. Skulevegen for mange av skuleungane var beinvegar og dabbevegar og dei kom seg fram over steingardar, bekkjer og etter gamle, atlagde vegar. Uversklæde var vanleg eit stort, firkanta plagg av vadmål. Dei med kortaste veg gjekk med tresko. Elles var det vanleg med lersko laga av bygdeskomakarar. Var veret fælt med rennedrev eller stormregn kom nokon etter oss med hest.

Utkantgarden Fjermestad hadde 6 km skuleveg og ungane måtte opp tidleg og [PERSON] fylge dei små myrke vintersdag til dei var over bekkjene. Det var 2 skuledagar i veka for kvar klasse. Det var ein god og fornuftig skule. Dei gamle som no hev bodnabodn på skulen seier dei lærte bare meir då enn no. Om ikkje så mange fag. Dei hadde mykje heimalekser og lærde og kunde lekse så godt det let seg gjera. Dei rokk m.a. å læsa verdenssoga og geografi og la stort brett på å kunne gramatik, deklamera og skriva stil. Religion var eit viktig fag.

I kyrkja var det visitas for prost og biskop. Lærarane måtte fram med elevane i kyrkjegangen og så fekk lærarane anerkjenning eller kritik av bispen etterpå. I skulestova sat me på lange, brunmalte pultar med plass for 6. Skulemateriel var steintavla og griffel for dei mindste. Veggtavla var 1 kvadratmeter stor av svartmåla tre og ein haralabb til å viska ut med. I to klasser var det bibelske bilæter. Ut frå denne skulestova hev det gjenge fleire kjende og dyktige kvinner og menn. I denne tid kom juletre på skulen i bruk. Treet var pynta med kuler og 2 englar, glitter og fiken, appelsin, epler og kjeks. Ungane fekk kvar sin pose med godt i. Under treet hadde læraren lagt til Betlehems markene, hyrdane og stallen med Jesusbarnet i krubba. Då døra vart opna og ungane fekk sjå juletreet tent var det som eit glytt inn i himmerik, ein tindrande opplevelse.

Til eksamen var skulestova pynta med markblomar, Mellembærlauv og me batt lekkjer av ei lauv og hengde dei opp rundt vindauga. Presten, skulestyre og tilsynsutvalget og mange foreldre kom for å høyra på bodno kva dei hadde lært. Av og til var det kveldskule for vaksne med norsk og rekning som fag. Frammøte var stort og interessa god. Men læraren tykte det var eit fælt slit (blodslit) når han elles hadde ongaskulen og gardsarbeid. Men kva greier ein ikkje med ungdom og arbeidsvilje? Naboane fortel at far ein dag etter skuletid grov ei veita 70 m lang, 1 m djup. Det var

rekjord der.

Ja, far var energisk og kvikk. Var med å tevla i kappgang innmed Hillevåg ein stad. 50 mann frå heile Jæren, Stavanger og Ryfylke var med. Far vart best og fekk ei stor sylvskei i premi. Ein engelskmann kom og helsa på far etterpå og såg premien og sa "For ei skam, men du har jo æren". Denne tevinga mintest folk og tala om lenge. Ein bror min i Amerika vilde plent få denne minneskeia. Ferdig med skulen var det å skriva seg for presten. Me gjekk til prestagarden og presten [PERSON]. Hadde lekse i forklaring og salmvers. I samtalen kom presten i god kontakt med konfirmantane og me hadde kjendsla av at han ville leia oss inn på den rette veg. Og lærte oss um kristendomen på ein måte så det virka inspirerande på dei unge og gav dei gode tankar og forsetter.

Konfirmasjonsdagen sat konfirmantane på forseter langs kyrkjegangen. Gjentene hadde svarte, fotside kjolar, høghalsa og stramtsitjande. Håret var glattkjemma og fletta i ei eller to lange fletter nedetter ryggen og med ei svart silkesløyfa. Alle hadde eit lite smykke. Ei lita gullnål i halsen eller eit kors av gull eller sylv. Gutane var kledd i svart dress og kvit krage i halsen og for fyrste gong lange bukser.

Mens me sat venta sat 2 unge menn, ein sakfører og ein lanbrukskandidat og tala saman. Då visste me ikkje ord av før presten sto i kordøra og ga desse karane ein alvorleg reprimande fordi dei sat og talte i kyrkja før denne hellige handling. Etter eingongsbøn og salmesong kom presten på nytt fram i kordøra og heldt ein tale til konfirmantane over B.B's ord: "Løft ditt hode du raske gutt" I preika talte han over teksten "Hvad gavner det et menneske om han vandt den hele verden, men tar skade på sin sjæl". Alle konfirmantane fekk ei lita andaktsbok i gåve av presten. Heime laga mor til fest med fadrane og nære slektningar. Eg fekk nokre enkle kjærkommen gåver. På det gamle kommunelokalet ved kyrkja var me med i eit ungdomslag på kristeleg grunn. Presten var formann og prestefrua var og med. Presten hadde ein bestemt og dispotisk natur, så alt vart som han ville ha det. Noko seinare vart det stifta eit frilyndt ungdomslag i nøra bygda vår. Då måtte dei ikkje dansa, men kunde leika. Folkevisedansen var ikkje langt komen då, men alle kunde då kråkevisa og Per Spelemann. Sume fekk seg nasjonalbunad, og det var Hardangerdrakt. Frå festane kan me nemna slikt program: Festtale av ein lærar. Men helst [PERSON] frå Jæren Folkehøgskule. Han var ei alsidig kraft å ha med seg. Talar, opplesar og songar. Han song skomakarvisa, mellom anna.

I Frøyland Ungdomslag var dei nå heldige å ha med seg bonde [PERSON] Mykje var han formann. Men elles var han med og bar dei gilde festane, opplesar av dei sjeldne. Han song skreddar [PERSON] sine songar, skomagervisa og ABC en og spelte med som ein skuespelar. På festane prøvde dei seg og med små skuespel og stevleik. Så lite det var å gå på, var dette ungdomslaget av stor betydning som møtestad og gildt samvær der dei fekk sjå andre og visa seg sjølv fram. Dei lengta fram til neste møte. Dei fleste vart utvikla og trekte med så dei kunne opptre, skriva i det handskrivne bladet og vera ein del av laget. Politik var strengt forbode.

Ved Bjerkreimkyrkja var frå gammalt av Moltepreika den 10. sundag e. trefoldighet og smørpreika 12. sundag e. trefoldighet. Det var no slutt med å skatta til presten med molter og smør. Men tradisjonen heldt seg og mykje folk møtte fram langvegsfrå for å visa seg fram og sjå andre. Det vart mest som ein folkefest med dans og turing og traktering med rømmekolla og molte. Ei lensmannsdotter var så huga å vera med på livet at ho sat bakpå hesteryggen med ein gift mann og rei dei 3-4 mil. Men då ho kom heim gav lensmannen henne rett og slett stryk. Men livet kan gløyma. Ho fekk ei stor og gild ætt etter seg.

Det kan vera forvetnelig å sjå litt korleis det hev gått på dei andre gardane på Njå. Det var nettopp i dei tider me skal skriva om og ei tid føre at armod og fatigdom førde med seg eigarskifte og søking etter betre beite og lettare arbeidsvilkår. Me kan ikkje sjå heilt burt frå rotløysa og mangel på tradisjon også spela inn. Folk selde, kjøpte og flutte til nye gardar. Korleis tenkte dei? På Njå skifta 6 av 7 brukeigar

Ætta på det 7. bruket reiste for få år sidan, etter å vore på dei gamle tuftene i 400 år, lengst av alle. Ein av gardane, ein svært god saugard, fødde opp 13 friske bodn. 2 av desse lever enno her i landet, men er ikkje bønder. Resten reiste til Amerika, og kom heim ein snartur av og til og var

Norskamerikanarar. Hadde pelskrage og blanda talen sin med amerikansk og sauhus vart kalla "sjedd". Stor stas mens dei var heime. Kausjon (påskrivning) var noko fælt i dei tider. Mannen på denne garden hadde skrive på til ein nabo og tapt. Kona på garden, mor [PERSON], skildra det slik: "Eg hadde spunne og vove so mykje vadmål at alle gutane skulde få nye klær til jul. Men så kom han far og tok all vadmålet og alle potetene og alt kornet me kunne vera av med og reiste med det til marken i Stavanger. for å greia banken. Ungane i den tid gløymde aldri korleis det var å gå å be om fornying av vekselen. Ja ungene måtte også vera med på denne spissrotgangen. Dei torde ikkje ha ei fin hua på hovudet. Ja dei gode gamle dagane med fatigdom?"

Frå Sletthei flutte dei for skuld og gjeld. Dei hadde tapt og kjøpte ein mindre skrapegard på Njåheiane. Dei fekk mindre gjeld, men det vaks mest ikkje på aurholane. "Då byrja ei tid med ein forferdeleg "fadigdom", sa [PERSON]. Me tek med talen for [PERSON] då ho var 80 år. 75 år etter dei flutte. I gamal tid då folk helst måtte gå dei lange vegane, nådde dei på toppen av bakken fram til ein kvilestein- -. Her fekk dei kvila før dei skunda seg vidare. Herfrå kunne dei sjå vida over bygda og folket, og tankar og minner om liv og lagnad for så vida- - - [PERSON] er idag nådd fram til ein slik kvilestein. Dei Njå og endå fleire vil vera med henne og rundt henne og minnast livsvegen hennar. Eller skal me helst seia arbeidsdagen hennar? Sjølv om [PERSON] idag er 80 år så er ho langt fra ei "Totla". Det er me alle glade for. Endå er ikkje hennar replikker gode å koma forbi. Endå hev ho eit overskudd å dela ut til andre- - -. Gløtt frå [PERSON] livsroman fall saman med slektens og ein bondes slit og ubøyelege kamp for levelege kår og velstand.

Det var ikkje så vondt med den store steinen, - men småsteinen som dei henta - lass på lass, ja -, hundrevis av lass, vår etter vår. Men det grodde, og [PERSON] hadde gleda av å sjå kalvar og kyllingar stortrivas. Men i si tid kom og romantikken til [PERSON]. den kom over land og over Frøylandsvatnet. . . . Ja, - [PERSON] kan ikkje klaga over at ho hev vore utanom og at livet hev gått henne forbi, tvertimot. Ho hev vore den styrande og dyktige husmor i huset. Fyrst var ho som ei mor for ho [PERSON], og seinare fekk ho ansvar for dei morlause borni hennar. Då vart ho "[PERSON]". Og no er det 3. generasjon som tyr inn til henne. Ja det er mykje det ho [PERSON] hev vonnest på. Ho sydde mannfolkklæde - ei krone for ei bukse og seks kroner for ein heil dress. Så var ho bygdas kokk og opplevde mykje. Ja, ho hev vore med i livets pulsslag. Det stod ingen bil og venta på henne då ho skulle ut som kokk, og der var lite av hjelpemidler å greie seg med. Men me må ikkje gløyma hennar gode vilje og evne til å gje ei villige og hjelpande hand når det trongst. Det er gode minner å tenkja på.

Ein kan nevna som ho måtte vera til hjelp hjå [PERSON] i hennar mange og store vanskeligheter. Mang ein gong i nattens mulm og mørke måtte ho med ei fjoslykt lysa jordmor og doktor vegen fram til huset i skogen. Vegen var ein dabbveg forbi opne torvgrover og inn i skogen. Det hendte at ho måtte heim og koka kaffi til dr. [PERSON] og [PERSON]. Dei måtte ha ein styrkedråpe til den store kampen som var i vente. No hev dei bygd på heimehuset, og [PERSON] hev flytt inn. Her skal ho leva med og fylgje med i huset og på garden, - og verta halden i akt og æra. Det fortene ho . . . . Livet vever på sin vev. Hvad du gjorde, tenkte, skrev- Alle ting i veven står. Livets skyttel går og går.

Men den største hendinga var då bergensaren [PERSON] født 1865 kjøpte den største garden på Njå 1886 med rett å sitja i øvste stolen i kyrkja. Han var av gamal kjøpmanns ætt. Han tok Stend Landbruksskule og reiste til Jæren for å kjøpa gard. Hadde med seg allslags redskap, store dølahester og kalesjevogn med stoppte seter. Og ei bygjente som kona. Kona vart sendt til proprietær [PERSON] på Oгна gård (Baroniet) for å læra å stella på gård. Dei sjølve åt ikkje saman med tenarane. Men elles gjekk det godt med dessa folka. Han hadde "lag" med storfolk på Jæren og i Stavanger, og vart ein fyregangsmann for bøndene på mange måtar. Var med å starta meieri på Bryne, fekk Ayshire okse frå storgarden Ledaal i Stavanger. Denne oksen kom det mange gode kyr etter. Minte og skaut stor stein ut or den dyrka jorda. Då bruka dei krut i staden for dynamitt. Dyrka rotvokstrar i stort. Og var den fyrste til å kjøpa Bergenstønner. Det var dogjødsel i store tretønner. Ja tenk det folkens. Frakta desse tønnene frå Bergen til Sandnes, og så kjøra med hest 17 km over

Vagle og Orstadbakkane heim til Njå og med bytta skvetta utover enga. Ja dette hev hendt. Bøndene i den tid gjekk ikkje av vegen for slike kår. Men det grodde etter [PERSON] sitt eksempel og han var svær til å arbeida sjølv.

Kan ikkje ta med alle historiane og opplevingane han var med i. Som då tenarar og ungdom drakk seg fulle og gjorde opprør og vilde pryla opp han [PERSON]. Då låste [PERSON] døra og stod i kjøkenglasa med ein eldrakar i handa og ropte: "Den første som kommer skal jeg knuse skallen på". I den tid kjøpte nogen engelskmenn opp sauer til vidare feiting. Nokre oppkjøparar gjekk rundt på gardane og kjøpte opp sauer og selde vidare til engelskmannen på fastsette stader. Ein stakkar, må me vel seia, som også ville vera oppkjøpar, kom til [PERSON], og [PERSON] hadde fått greie på at denne gong nytta det ikkje smyrja med brennevin. Men kona kokte den deilegaste sjokolade og sauprisen vart særst god. Stakkars [PERSON] vart seinare erta og spurt om han skulle til Njå og kjøpa sau: "Nei, eg he fått nok av sokkerladen deira Njå".

[PERSON] var som fisken i vatnet. Men for frua vart det eit altfor stilt liv. Ein dag kom ho til far og spurde om det skulde vera dans på Sandnes om laurdag. Eg kan tenkja meg far sitt ansikt. Skulelærer og eit utprega pietistisk og finslegt livssyn. Etter 11 år greidde frua opp med han [PERSON], og dei reiste attende til Bergen og han starta det store og kjende maskin og frøfirma Berle & Co. Men når ikkje alt gjekk så glatt fekk frua høyra: "Vi kunde vært på Njå". Berlegarden er no delt i 3 store, velstelte gardar. Eldste dotter til [PERSON], [PERSON], vart gift med ein kaptein, og dotter hennar igjen med ein stor skipsreiar, og ho måtte ta med til kong Olav då han var i Bergen. Men kven veit om ikkje [PERSON]folka hadde gjort likso god nytte for seg i jordbruket.

Eg fekk vera med i romanen oppe hjå [PERSON]. Dei fekk ei dotter, [PERSON], men ho vart kalla [PERSON]. Eg vart kalla [PERSON]. [PERSON] og eg leika og var saman støtt og hadde mange spanande opplevelser. Eg hadde det gildt og godt der. Sat tilbords og åt saman med herskapet. Fekk vera med når dei kjørte ut med landauaren. Då dei flutte til Bergen var [PERSON] 7 år og eg 8 år. Men venskapet hev halde seg like varmt og levande til no. Ho er 75 år og eg 76 år. [PERSON] vaks opp til eit sjeldan vakkert barn, lys i hud og hår, med lange lokker. Eg var svarthåra og snauklypt som skikken var, og mørkare i huda. Eg gjekk til mor og spurde om ho trudde eg vart like rein i ansiktet som [PERSON] hvis eg vaska meg kvar dag. "Du kan prøva", sa mor. Eg sette vaskevannsfatet på gruesteinen, tok grønnsåpa og vaska ansiktet med stort alvor. Etter eit par dagar kraup eg opp på bordet og kikka inn i ein liten spegel som hekk på veggen. Ingen forandring, og eg slutta vaska meg kvar dag.

På ungavis gjorde me også vondt, som då me leika i landauaren og kjørte mil etter mil i stor stemning. Tilslutt kraup me opp i kalesjen og trødde den sundt. Då kan du tru [PERSON] kom. Det var uthiving, skjenn og heimjaging. Når ungane til [PERSON] var små og under oppveksten og bodnabodna riktig ville ha ei kosestund bad dei: "Fortel om då du var på Njå". Der var eventyr og det forjættede landet.

*Politisk strid* I ungdomslaget måtte ein altså halda politikken vekke på grunn av den uro og strid den førde med seg. I 80-90 åra kom dei nasjonale sakene opp. Konsulatsaka og flagstriden. Og venstre førde an. Er det ikkje likt seg. Politikken vil så sjeldan ha Gud med seg og hinmannen og det som vondt er til å skræma med. Ein venstremann var mest å rekna som ein fritenkjar. Bedehuset Saron var bygd på Bryne. Venstremannen biskop [PERSON] - seinare statsråd - skulde tala, men vart nekta. Saron og måtte tala i ein hage til kjøpmann [PERSON] der trelasthandlar [PERSON] driv no. [PERSON] kunde fortelja om dette og på sørsmål om kven som sat i styret for Saron då svara han: "Å det var nokre formørka menn". Venstre kunde smitt ut. [PERSON] bad inn bygdas fremste menn i Time med presten fyrst og fremst til stort gjestebod. Dei var ikkje forvel komne tilbords så låsa det til med politikk. Det var presten [PERSON] for høgre og [PERSON] (halte [PERSON]) som stridde for venstresynet. I kampens hete seier presten: "Ingen venstremann kan koma til Paradis". Men [PERSON] svara kjapt og uforferda: "Det har ikkje presten det mindste greie på". [PERSON] kona fortel det slik: "Eg blinka på [PERSON], men det hjelpte ikkje det bittent". Då presten til slutt ville hala inn siste stikk og sa: "La oss nu takke for maten", så reiste

[PERSON] seg på den stive foten og sa : "Jeg tenker vi takker [PERSON] for maten. Takk for maten [PERSON]". Ja, gemyttane var i kok.

I Time var det fleire år berre 3 mann som våga å tona flag og stå for venstre. [PERSON] på Njå, [PERSON] og [PERSON], seinare ordførar. [PERSON] formann i mange år. Då det endeleg vart venstreseir var begeistringa stor. Gamle "Besten" kom med ein smaleflokk fyre seg og veipta med armene og ropte: "Venstre seir, hurra" Frå flagstriden sine dagar må me ta med: Systersønene til far rektor [PERSON] og [PERSON] kom mykje til Njå. Ein søndag desse og andre ungdomar var samla i Biehagen seier far: "Eg hev så hug måla eit stort, reint flag i Bokkatono". Bokkatono er ei stor flata i Blåberget på Njåfjell. "Ja, det skal du gjera", sa [PERSON] og tok opp 50 øre. Fleire vilde ha flag og pengar kom inn så Norskamerikanaren [PERSON] måla eit stort, reint norsk flag som var synelegt like ned i Kleppsokno. Redaksjonsekretær [PERSON] skreiv eit skjitlegt stykke i Stavangeren om dette flaget. Å ja, politikken var ikkje nøgd med sinte diskusjonar, skuldingar og styggedom i den leid. Venskap og slektskap vart og trekte inn i striden. Ei kona i Time peiste på med mannen sin at han skulle slutta ha lag med ein god ven i Klepp fordi han heldt med dei fælle venstrefolka.

Som i våre dagar. Eit av politikken sine våpen. I 1965 overtok ny eigar garden. Me selde rimeleg for å få slekta innatt. Endre J. Lende kjøpte garden i 70 åra. Sonen [PERSON] Njå overtok i 1922. Den nye eigaren [PERSON] hev ein son som heiter [PERSON], 7 år gamal no. Han ser ut til å verta eit gildt mannsemne, og han er det me no vonar skal verta odelsbonden. Av ein tale for [PERSON] siste gong han var heime og reiste attende til Amerika: Mor og far kjøpte garden og måtte så å seia kveikja på kald gruve. Dei hadde i alt 11 bodn og desse skulde føs fram og hjelpast til så det kunde verta folk av dei. Det kom vel med at alle var gilde og hjelpe til. 5 år gamal var [PERSON] alt vaksen for å stå opp vinters dag, kveikja på grua, koka kaffi og koma med mat til mor og far på senga. Han gjekk fram i alder og visdom og vart til gleda for foreldrene sine og ga dei tru på at det kunde verta noko tess med gutungen. Stor interesse for sau, ku og høns viste leida han kom til å velja. 17 år gamal reiste han til Montana. Men før han drog dyrka han Foren, ei 12 da. stor myr. Alle veitene plyttveiter, måtte tas med hand. [PERSON] eldste bror var ikkje ringare kar. Han dyrka Nikolaymyra. [PERSON] tok Kathaugmyra. Soleis var dei med og bygde garden større og gildare og takka for seg før dei reiste ut or reiret. Er det ikkje så at du skal heidra mor og far din og heimen, så skal det gå deg vel. Ung utan utdanning reiste han til Amerika i strid for livet og framtida. Prerien møtte han mange gonger med snøstorm, toreslått og turk og lange einsame dagar. Det vart fortalt at dei høyrde songen hans utover viddene om kveldane. Likevel, gilde brev kom til gleda og undring for dei der heime. Også pengar kom, sikkert til stor hjelp. Derfor vil me nå takka deg for slik du hev vore. Hels bodno og bodnabodno og bed dei skikka seg vel så du kan verta stamfar til ei stor og gild slekt i Amerika.

## Minner fra Mauland i Time

Fortalt av en som voks opp på garden  
og som siden vart gardbrukar der.

\*

Eg er fødd på Mauland i Time 17. februar 1887. Det fyrste eg kan hugsa var i 89 då eg var godt og vel 2 år. Det var eit svert turt år og den litle elvi som renn forbi eigendomen vår på Mauland turka mest heilt upp midt på sumaren. Ho slutta heilt å renna burt på dagen. Men burt på natti tok ho

til å renna litegrann. Dette kan eg sjølvsagt ikkje minnst. Men det eg minnst fraa denne sumaren var at eg stod nede med kvednadammen og far heldt på å tok ål i den uppturka dammen og la dei upp i ei bytta.

Sia kom der av og til små glyt som eg kan minnst burt over åri. Eg minnst at der var mykje snø um vintrane ut gjennom 90 åri. Me hadde gammeldagse løa som var svert utet og snøen kom mange tider ind i løa og ei gong låg der mest ein meter snø over heile løa. Det var et svert arbeid å bera han ut frå løa. Løa og fjøs låg kvar for seg. Me måtte bera høi og halm kvar dag frå løa til fjoset. Me "vålne" då til kyrne. Me tok ein del høy til kvar ku og sveipte litt halm som var lagd slik at det vart eit lite knippe til kvar ku. Eg bar til vålnane til kyrne frå løa til fjoset. Me brukte høykrog i høystaen til å nappa ut høyet med. Dei trudde nok at høyet vart drygare når dei nappa høyet ut på denne måten. Me kunne på denne måten ta høystaen for ein ende, og slap ta heile staen ovante. Der låg som vanleg halm oppe på staen som me so bruka etterkvart me vånla. Det vart fyrst slut med bæringi i 1911 då me fekk bygd ny løa og fjøs i ein bygning.

I 1911 bygde me ny løa og fjøs. Det var bygd i mur. Byggjematerialane var billige i den tid i mot no. Fjoset var bygd med 23 båsar og stadl for 2 vaksne hestar og so ein følebås. og so brunnhus med murd bakaromn. Eg hadde kjøbt mykje av materialen på Nordvarhaug på fleire auksjonar. På [PERSON] dreiv dei med skipsriving på stranda. Den eine etter den andre av trebåtar vart sette på land på uri der og so av sjøen og med mannamagt revne sund og selde på auksjonar. Uthusi vart bygde med skibsbjelkar i fjoset og skibsbjelkar til aa spikra golvet paa. Hevdafjoset under høyromet var murd av naturleg stein for mesteparten berre med utdøri var ein del sprengd stein. Utgifterne med bygginga kom på umlag kr. 3.500,- forutan det arbeid me gjorde sjølv.

I den litla åi som rend forbi vår eigendom var der både aure og ål og sumetid på ettersumaren ajøaure og svidda og endåtil laks kunne der vera. Eg var ikkje stor karen før eg prøvde å fiska med stong. Eg kunne vel vore umlag 5 år då. Eg fekk laga ei piska til stong og brukte enkel svart lintråd til snøre. Eg hugsar den fyrste auren eg fekk. Det var under ei bru over Kvednadammen vår. Eg agna med makk og auren beit på og eg vart so ivrig av dette at eg skalv yver heile kroppen.

Sia lerte eg betre og betre å fiska og til slut vart eg reint ekspert på fising. Eg hadde mykje moro med det fram gjennom barneåri. Ådel fanga me i mær. Det var eislags korgfletting av smale greiner som var smidde flate. Det var helst når der vart ein liten flaum i elva at ålen gjek ned og me fekk han i mæren. Det var um natti at ålen gjek i mæren. Me sette mæren i kvednasloget For me hadde kvedn og mol kodden um haustane.

Me hadde turka og i kvednhuset. Det var ei temmeleg stor, malmhedla som det var murd ein høg kant rundt og so hadde ein eit røreapparat som gjek rundt heile tidi mens kornet vart på turka. Røreapparatet vart drive av eit lite vashjul. Sjølvsagt måtte me ha fyr under hedla. Der vart fyrst med torv og der var ein liten skorstein som skulde ta bort røigen men det var so som so med trekjen i den mange tider so her vart til mykje røyg i kvernhuset som beit i auene og i nasen so det vart hosting og kremting av det.

Naar kodnet var passeleg turt skulde det malas på kverni. Kverni var ein stor stein av eit grovkorn stof som var hogd eller sprengd ut av eit dertil lagligt fjell. Der var hogd ut eit stort hål i mitten som me kalla aua. Der var mykje arbeid med å hogga til ei kvedn. Me kjøpte dei helst ferdighogne. Kvedni vart dreve av ein kadel som stod under kvernhuset. Det var ein noko tjuk stok som der var set dei sokalla fjøre på. Kadel hadde i botten ei grunnpodda av ein uvanleg hard stein som var felt ind i ein planke under kadel. I nedre enden på kadel var der so ein jernpig eller helst staal. I øvre enden på kadel var der so eit sigte som var tilpassa so det låg støt i ei dertil tilhogd stad i kverni. Over kverni hadde me so via til å ha kodnet opi. Via var av tre. Den var viare uppe og skrâna nedover til botten. Botten var laus og i den forbindelse med lause botten gjek der ein arm som igjen gjek ind i ein liten trebut som låg heilt nedpå kverni og at kverni når den sveiv lidt etter kvart fekk kornet til å detta ned i aua på kverni. Der var ein igrunnen lidt sindrig indretning som ein kunne regulera tilgangen på kornet til kverni. Der var og ei so ein kunne letta kverni etter som ein ville ha fint eller grovt mjøl.

So hade ein kvedna mag som skulle bringa vatne med kalvfjørene. I kvednaslågen hadde ein to stemma. Når kverni ikkje skulle gå so slo ein i stemma og vatnet fossa då noko på kvar sia av stemma. Der var kvedna på mest kvar gard og det var eit stort lyte på ein gard um der ikkje var kvernfadl til garen. Der var mange garar som hadde so lite vatn og so lite fald at dei berre kunne mala når der var flaum. På Mauland var der rikeligt med vatn so me kunne mala mest kva tid ein ville um haustane. Men her vart av og til for mykje vatn i kvedni så ho gjek i åvatn. Det var når vatnet gjek so langt over kalvfjørene at vatnet ikkje hadde magt til å driva kverni.

Me var 4 sysken, 3 gutar og 1 jente. Farmor livde i dei fyrste åra eg minnest. Ho togg maten til dei som mindre var. Det var nok brukt mykje før i tidi. Heldigvis vart det slut. Det var sjølvstekt svert lite sanitært. Farmor vart lidt etterkvart åreforkalka og der vart ekstra bry med henne. Ho ville avstad, ho ville heim som so mange av dei gamle vil når dei ikkje lenger er med full sans og samling. Men so vart ho svert sjuk og døydde 72 aar gamal. Det var sikert lungebrand. Men her vart ikkje henta doktor. Der var ikkje mange doktora endå og doktoren vart sjeldan henta og vart han henta so var det helst for seint.

Skulen. Det var um å gjera å få ungane til å lesa som snart som råd var. Og der vart arbeid mykje for tidlig før borna var ikkje mogne til det. Det var um å gjera å faa dei til læsa snart og so skrøyda av det når der kom nokom framande. Eg kunne vel vera i umlag 5-års alderen då dei tok til med meg. Det fall ikkje noko svert let for meg, men det gjek og då eg begynte i skulen når eg var 7 år var eg ganske flink til å lesa. Me skulle og læra og skriva tal lengje før me tok til på skulen. Skrivning var eit fag som eg aldri ligte i skulen og eg vart aldrig flink til å skriva skjønnskrift.

Der var ingen offentleg veg til Mauland i den tid eg skule ta til i skulen. Den skulekrins som eg høyrde til var Hognestad krins. Men dertil var det ingen brukbar veg. Der var ei gamal bru på Haugland. Men vegen *før* du kom til brua var mest ikkje gåande og til sine tider ikkje kjøyrande heller. Det var nok sine dryge 4 km å gå. Til Tunheim skule var der nok endå endel lenger og heller ikkje veg. Til Nærbø eller rettare sagt til Gudmestad i Nærbø var mykje kortare - umlag 2 km. og det vart søkt um å få gå til Nærbø på skule og det fekk eg. Men då måtte eg gå på gangsteinar over tveråno som det heiter. Det kunne gå når elvi var liti. Var her flom gjek det ikkje, og då måte eg gå um Garborg og då var vegen minst dobbelt so lang. I ruske ver serleg vinterdag, var det ein sur jobb og gå på skulen. Det var sumtid eg gjek over elvi når det var so mykje vatn i henne at eg måtte hoppa so eg trødde ovanfor steinane, so var straumen so strid at eg då trefte steinane. At dette gjek godt var helst eit under. Hadde eg gjengje i elvi so stor som ho mange tider var, hadde eg vel helst drukna. Eg kan ikkje seia det på annan måte end at det var Gud som bevarde meg. [PERSON], kona til [PERSON], var alltid so redd for meg når eg skulle derifrå og heim, helst når det var i mørkno.

Eg var svert blyg eller unselig av meg då eg var liten og eg var svert redd fyrste dagen eg skulle gå på skulen. Eg hadde lag med [PERSON] som var på same alderen som meg. Men då me kom til skulehuset kom alle ungane som var komne før ut og dei skråla og skreig ein heil del. Då tok eg støyken og sprang heim igjen.

Andre dagen eg skulle gå på skulen fekk eg selskap både med [PERSON] og med [PERSON], far hans, som var den fyrste læraren vår. Skulehuset var svert lite, berre ei stova og so ein liten gang. Pultane var gamaldags. Der var plass for 5 på kvar pult og benkjene til å sitja på var same lengden og utan ryggstø. Dei var og so høge at me nådde ikkje golvet med føtene. So kan ein skjønna at det var ikkje greit serleg når ein skulle skriva.

Foruten [PERSON] hadde me ein tur [PERSON] som lærar i småskulen. Han var syskenbarnet til mor og han er far til doktor [PERSON] på Nærbø. [PERSON] var nokso flink til å syngja. Me tok alltid til med eit salmevers um morgonen og so las læraren fader vor eller ei sjølvvalgt bøn. Eg hugsar at [PERSON] song: Herre Jesus Krist min frelser du est. Det var fyrste gongen eg haure den salma.

Skuletidi var fraa kl. 9 um morgonen til 3 ettermiddag med frikvarter for kvar time, i fyrste frikvarteret hadde me lov å eta. Ein time middag. Det var ikkje alltid so godt og for oss smaaborntil å samla tankarne i timane og lærarane vart nok av og til trøyte av ungane. For å hjelpa på dette tok



[PERSON] på å lesa indianarfortellingar. Då var alle interesserte og haurte godt etter. Eg hadde ganske tidleg sver hug til å lesa, men me fekk ikkje låna bøker i småskulen. Difor lengta eg svært etter å få koma i storskulen so eg kunne få låna bøker. Storskulen var på eit heller nyt skulehus på Bø i Nærbø. I den yngste klassen var det Per Njølstad som var lærar. Vanlegvis var det 1 år i denne klassen. Men dei som ikkje var komne langt nok i dei ymse fag måtte titt gå 2 år i denne klassen. Eg vart flytte opp nær eg hadde gjenge 1 år i den minste klassa. I andre klasse fek me [PERSON] til lærar. Han var flink til å spela fela. og songtimane sjå han vart svært interessante.

I reknetimane brukte me tavla og griffel. Me sputta på tavla og turka ut med handi når me skulle setja opp nyt reknestykke. Seinare fekk dei svamp dypt i vatten men det fek me ikkje mens eg gjek i skulen. Dette med sputting på tavla var sjølvstarkt svært usanitært. Han so eg sat saman med var sjuk av tuberkulose og måtte sluta skulen det siste året.

Det var i det nya skulehuset på Bø nye moderne pultar. Me sat 2 paa kvar pult. Der var rygstø til alle. I denne tid var der ikkje så sikkert for lus i mange timar og det hente fleire gonger at eg hadde fåt lus på meg. Eg hugsar ein gong i reknetimen at eg klødde meg lidt i hovude og då dat der ei lus ned på tavla. Då vart eg so yvergjeven at eg mest ikkje hverken haure eller såg resten av timen. Då eg kom heim frå skulen måtte mor fara over hovude med kam og ho fann fleire levande lus. So var det til å ta til med stor - reingjering. Men kvelden same dagen kom [PERSON] burt til os på Mauland. Han kunne fortelja at klokken [PERSON] same dagen hadde klod seg i nakken og der fek han ei lus i handi. Då tykte eg det var straks likare når han og kunne få lus.

Det var fin skuleplass utfor skulehuset og der leika me i frikvarteri. Det gjek mykje med ballslåing. Eg var liten og helst lidt veik for alderen og dei fann mykje av tidi på at eg ikkje skulle få vera med å slå ball. Eg tykte sjølvstarkt dette var leit. Lærarane burde sjå etter sligt.

Gutana leika for seg og gjentene for seg. Eg hugsar eigong at gjente og gutane rauk i hop um ei seltra. Dei helt fleire stykke i kvar ein ende på seltra. Der var mange gjentene som var temmelig sterke og ingen ville gje seg. So tok nokon av gutane til å spennja gjentene på hendene so hui gjek av fingrane. Eg hugsar at ei gjenta [PERSON] fek fingrane på beggje nevene heilt hudflådde. Til slut måtte gjentene gje seg.

Det var mange tider svært gildt i folkeskulen andre tider kunne der vera ting som var mindre gildt. Fyrste timen på dagen var religion og dette tykte eg var svært interessant. Det som eg hadde minst interesse av var teikning og skjønnskrift. Til å skriva fint lerte eg aldrig og det kan henda hvis eg hadde gjort meg meir føre at det hadde gått betre. Det ser ut for at anleg for å skriva er arveleg. Gutane mine skriv stykt begge to tras i at dei hev gått både framhaldsskule og jordbruksskule.

So kom den tid at eg skulle gå for presten å lesa. Me motte heilt ned til Haa prestegard so låg heilt ned til sjøen. Me fek då hest og kørde kvar si gong. Me var 4 stk. Dei 2 budde på Risa i Nærbø og [PERSON] og eg. Ei gong munne nok eg vore lidt sein og so kørde dei frå meg og so motte eg gå heile tidi eller rettare sagt eg sprang den meste tidi eg var svært red for å koma forseint. Men eg gredde det so vidt. Dei skulle akurat gå ind i stova då eg kom. Men då var eg trøyt. Det var godt ei heil mil til prestegaren.

Det var i eit gamalt hus me haldt til. Det var både ureint og stykt i stova. Presten var gamle [PERSON]. Han hadde ei sver røyst so her var god råd å høyra han. Men han hadde ei lidt framand dialekt so det var ikkje alltid godt for meg og forstå kva han spurte om. Gutane sat i 3 rekje på den eine sia og gjentene på den andre sia. Eg sat i den bagerste rekja og hadde veggen til rygstød. Eg minnest so godt ein ting frå den gamle stova. At 3 stk. som sat framfor meg hadde ein på røgjen ei lus en annan ei loppa og ein ein flott. På veggen i den gamle stova kraup der mykje småtrol, morr og anna mid. Loppa var i alle hus i den tid. Heldigvis er både loppa og lus heilt burte.

Eg hugsar at eg var med åno og bada ein dag um sumaren. So nappa eg loppa av skjurta og hivde dei i åno. Eg fann over 20 lopper. Meir um bading seinare.

So kom konfirmasjonen, eg stod lengst nede av alle. Eg tykte si eg ikkje høyrde kjørkjelyden til motte eg helst stå ned i enden. Det var slut med at dei skulle stå etter som dei var flinke til. Det som eg hadde mest bekymring for under konfirmasjonen var um eg var verdig nok til å gi

konfirmasjonsløfte. Der var ikkje den stas med konfirmasjonen då som der no er. Velstanden var ikkje so stor som han no er sjå nokon. Heller ikkje var det skik og bruk med slik storetarfest som det no er med konfirmasjonen. Der var berre ein mand sjå os under konfirmasjonen, det var ein morbror min. Der var ikkje eit telegram, ikkje eit konfirmasjonskort, eller nokon annan ekstra stas. Der var altergang for konfirmantene og forældrene sundag etter konfirmasjonen. Alle konfirmantene gjek til alters. Det var ikkje som no då mest ingen av konfirmantane gjeng til alters.

Dei økonomiske tilhøva. Det var svert småt med pengar sjå alle folk i denne tid. Inntektene var yders små. Før meieriet kom var det berre lidt smør som enkelte hadde å selja og ei og annan slagteku. Der var nok ein og annan som la upp ein stut til slaggt. Det vart helst til det at der var borga sjå handelsmanden so lenje det gjek. Handelslag og forbruksforening var der ikkje. Naar gjelden vart for stor sjå handelsmanden var det um å gjera å få eit lån for å betala ned gjelden. Hadde dei so noko gjeld før som der motte betalast rente av, so fall det tungt. Det var mykje hypotekbanken som folk motte ty til eller dei fekk folk til å kausjonera for seg og fekk eit lite lån i vanleg bank eller sparebank. Hjø os hanla me sjå ein handelsmann på Nærbø som heite [PERSON]. Me hadde kome upp i ein gjæld på kr. 200 sjå han og då nekta han at me fekk ikkje borga meir. Me søkte då og fekk eit lite lån i Hypotekbanken og fekk på denne måten kvitta den gjelden.

Skattane var ikkje store men det var svert vanskeleg og greia betala dei for dei fleste. Me fekk sjå oss kr. 50 i skatt eit år, og far vart ganske overgidde korleis han skulle få betalt dette. I 90 åri tok dei til med meieri, men prisen på melk var liten, 7 øre var det frå fyrst av. Me motte so levera all nysilt melk til meieriet, so me smaabodn fekk ingenting melk untagen lidt sundag for på sundag då tok ikkje meieriet mot melk. Me borni fekk då sundagsmorgon lidt nysilt melk med sundbroti kringla i. Eg hugsar endaa kor godt det var.

Middagsmaten var nok av og til so som så med. Men når sildafiske begynte fekk me kjøbt sild. Eg minnest endå kor godt det smagte med nysteikt sild. Eg var ikkje store karen før eg gjek til Nærbø einsleg og kjøbte sild. Prisen var 2 øre pr. st. Silla kom i tønder. Dei hadde ikkje endå teke til å laga kassa til sild. Det var i grunden ikkje mykje kyrne molka heller i denne tid. Me hadde ikkje kraftfor. Me hadde ei stor brondgryta nedmurd i kjøkken. I den vermd me vatn og hadde opi ting som skulle hjelpa lidt paa molkingi til kyrne. Til dømis turka potetkål og so lidt havramjøl som var male paa vår eigi kvern. Høyet var heller ikkje alltid so godt. Det var sleie lidt for seint og so vollturka og lett. Man hadde ikkje endå toke til med hesjing. Kjelvene var som oftast for gamle og gav for lite høy. Man hadde ikkje endå fått kunstgjødning. Det var mest gamal norsk havre som var brukt som kodn. Hellest avla dei fleste rug. Rugen vart turka i hera som hek upføre ogenen i daglegstova. Trøskingi gjek føre seg antan med vindmaskin eller med vatn der dei hadde høve til det. Men mange trøkste med tust. Tusten bestod av ein handstav og slagvoll. Dei var forbinde med einannand med ålskin. Snøre hadde nok ikkje halde lang stund. Man var den meste tidi 2 mand og trøkste med tust. Ein i kvar ende på låven. Det fall lettare å trøskja med tust når me var 2. Eg hev trøkst mykje med tust. Me hadde ein dreng som var med å tørkste når eg var godt og vel i konfirmasjonsalderen. Me vart enige om at me skulle greia 12 trævar til dagen. So skulle me ta kveld. Ein træve er 24 bunde. Her vaks godt poteter på Mauland, men avsetnaden var liten og potetene vart mykje brukt til dyr, då serleg ungdyr og griser. Det vanlege var at me hadde 2 griser. Me fekk grisungane heim ganske små, dei var vel ikkje meir enn 2 veker gamle. Eg hev bore 2 grisungar i ein sekk frå [PERSON] kan eg hugsa. Når me fekk dei små grisungane heim, hadde me dei i daglegstova fyrst nokre dagar. Me sperra av eit hydna og bredde lidt halm paa golvet for dei.

Det var vanlegt at me fydde grisene til dei var frå 90 - 100 kg. Då vart det ordentleg steikeflest av dei. Fleskprisen var frå 50 - 60 øre pr. kg. Det var vanlegt at ein kjøbte 1/2 - 1 heil tønna salta murt. Av og til fekk ein kjøpt fersk fisk og. Det var helst småsei som folk frå sjøkanten hadde vore ute og fiska, og so kom enten til stasjonen med den eller køyrde med hest rundt på gardane og selde. Somme køyrde til Sirevaag og fekk der kjøpt turka fisk. Dei som hadde sauer, la nokre sauer i saltetønna um hausten.

Man skilde melki før meieriet kom til, og laga dravle som ein so laga ost av. Der var ein

mann på Anda i Klepp som kjøpte ost og mølde han um og laga til ostastykke for salg. Me tok so hest og kjerra og reiste til Anda og selde ost. Møsa hadde me jevning på og laga møssmør. Det var mest syrekaga me bagte og steigte på hedla og tildels alminnelege eplekaga. Det var ikkje svert godt å laga syrekaga av berre heimeavla rug, fek ein fin kjøpt rug å blanda med gjekk det betre. Handelsmændene hadde ikkje alltid fin rug til å blanda med. Syrekagene vart dårleg upgådde og seigt saman under og etter steigingi og der vart då ei sver deigfer i syrekaga og den var ikkje god å eta og eg gjekk tit med vondt i magen av dei.

Me laga og svinasmør av fleskefeitt men det greidde eg ikkje stort eta. Men her var mange som likte det godt. Der vart brukt kaffi um morgonen især, men og tildels ettermiddag når ein hadde kvilt. Det var vanligt å kvila middag ein time etter middagsmaten. Med det same me stod upp då skulle me ha kaffi. Når ein hadde baka syrekaga motte ein ta av noko av deigen til surdeig. Den gøynde me so i eit mjølhylke til neste gong me skulle baka. Brød eller stomp forekom ikkje til kvardags og snaut til høgtid eingong. Man kunne få kjøpt "12-skillingsstomp" (40 øre). Dei var uvanleg store, mykje større enn dei finbrødi ein har no. Der var og krans å få kjøpt og so ikkje å forgløyma kringla. Wienerbrød og slike finare ting var ikkje i handel det fyrste eg minnest. Til jol fekk me jolegjeid, det var skillingskager som der var laga horn på i begge ender. Skillingskage vart der av og til kjøpt endel av for dei som hadde pengar til det. Rugen i hera upføre ognen måtte røas i jamt og samt skulle det verta maleturt. Det var som regel svert vått når det vart havt uppi. Vart rugen ordetleg turr, vart det ikkje verst rugmjøl. Men til å baka av det åleine var ikkje so greidt.

Høyfræ. Me hadde endå ikkje fått anledning til å kjøpa høyfræ. Når ein seinare fekk kunstgjødsel og so thimoti so vart det betre med engi. Jordi mangla og kalk. Då fekk me skjelsand frå Oгна. Seinare fekk me skjelsand som var teken upp av sjøen. Denne siste var betre og hadde stort innhald av kalk.

*Ølbrygging.* Det var nokso almindeleg å bryggja øl, serleg til slåtten men mange brygde og til jol. Me måtte laga malt av eige korn. Det var helst av bygg. Me tok då 2 - 3 skjeppar korn i ein sekk og la i reint vatten. Når det hadde lege i vatten i 2 - 3 dagar vart det teke upp og var fyrst lagd so den rand godt av seg, og so vart det lagd upp på loftet til groing, helst rett upføre ovnen. Der vart det liggjande til det var passeleg grodd. Maltet var so brote frå einannan med hand og so skulle det på kverni og verta grypt. Man letta kverni høgt upp og slepte det nævavis i auga på kverni. Kunne ikkje bruka via for det ville ikkje renna or sidan det var fullt av groer. So var maltet ferdig til brygging. Man hadde eit serskilt bryggjekjer. Det var ei stor tønna som var opi i den eine enden som snudde opp. Ner ved botnen var der tappekran. Me la då i botnen nokre greiner av einer som skulle setja smak på ølet og so la me maltet oppå. Hadde so passeleg varmt vatn på og dekka til kjæret so det var heilt tett. Når so dette hadde stande lenge nok, tappa me det av antan i ei trebytta eller i eit mindre kar og so hadde me det upp i gangekjæret. Der vart det tilsett gjær og humle. Humle var ein slags slyngplante som mange hadde ute på veggen i denne tid. Det kjæret vart so godt tildekka og skulle så stå til ølet var ferdig. Maltet i bryggjekjæret vart so aust på varmt vatn igjen og so dekka over igjen og so tappa etter passeleg tid. Dette gjentok seg upptil 3 gonger. Det som ein tappa av bryggjekjeret var temmeleg brunt på leten og kallast vørter. Når ølet var ferdig i gangekjæret skulle det tappast på anker. Der var då kanskje 4 - 5 anker kvar gong dei brygde. Man hadde ein gjærstok dei kalla. Det var ein 4-kanta stokk temmeleg tjukk, med borde holer i alle 4 sidene. Holene var borde med senterbor. Denne la me ned i gangekjæret naar ein var ferdig med øltappingi. Der var alltid ein masse gjær i botnen. Det gjaldt um å få denne gjæren ind i dei store hålene og so upbevara gjærstokken til neste ølbrygging. Bryggingi minka av lidt etter kvart, og no høyrer eg ingen som bryggjer lenger. Det trengte for mykje tid, og der skulle rom til alle kar og anker.

So vart fråhaldstanken og meir utbreidd. Det vart helst skam å bryggja for dei som ville vera ordentlige folk. Det var ei tid at det var rett og slett på mote å vera fråhaldsmann.

*Moro og leikar.* I den fyrste tid eg minnest hadde me ein leik som heitte "å stela svin". Me samla isaman so mykje sko som der fanst i huset og so sat der ein med ein kvist eller ein hosse og skulle vakta skoi eller svini som dei no heitte. Det gjaldt um for dei andre å få prøve å få tak i eit

svin men hvis han som passa svini fekk slå tjuen motte han sleppa. svinet at. Me heldt på til dei hadde fått ståle alle svini. Me tok og blinningtju. Sette bind for augo for ein og so skulle han få tak i dei andre og seia kven dei var. Der var og mange øvingar som meir kom under gymnastikk. Til dømes å prøva og bida i toa si, eller leggja foten på nakkjen og ta han av igjen og på same måten , mange annan slags gymnastikk. Dette var leikar som me hadde inne i huset, serleg vinterdag. Ute i godt ver, serleg um sumaren, "slog me tribunius". Ein stod med ei dør og sko vera den som slog tribunius. Dei andre skulle gøyma seg og det gjaldt for han å leita dei andre opp. Når han fann ein, gjaldt det um å springa til den døri som tribuniusen stod og slå 3 slag på døri. Ein heldt so på til han hadde funne alle. Var det nokon han ikkje kunne finna, måtte han ropa fritt fram. Me slog på ringen. Det var serleg når der var mange samla av born og ungdom. Me heldt einannan i handi og danna ein ring. Ein gjekk laus utanum og sprang rundt utanum ringen og slog så ein på ryggen. So gjaldt det um for han som vart slegen å springa den motsette vegen enn han som slog og so prøva å koma tilbake til den stad i ringen som dei sprang ut frå. Den som vart fyrst, slapp springa meir. Å slå ball var og mykje moro. Flokken av ungar og ungdom vart delte i 2 parti med lika mange i kvart parti. Me hadde då ei seltra med ein lengde på godt og vel ein meter som var tilskoren so ein ikkje sette flise i henderne. So hadde ein ball som var sydde av skin og fylte med kuhår eller anna stoff. Me hadde eit mål 30 m lenger ute i terreng. Det eine partiet var ute og det andre partiet var inne. So var der ein som skulle slå ballen med seltra og ain annan som ga opp so det heite. Han kasta ballen ganske lite opp i lufta og han som slog skulle slå ballen so han faug lengst mulig burt forbi det målet som var ute. Fek so ein av motpartiet ta ballen i lufti, "ta hys", som det heite, motte partia byte plass. Dei som var ute kom ind og skulle slå. På beggje sie a balbanen var der det ein kalla "bjut". Hvis ein av dei som var inde slog ballen der so skulle partia byta plads. Dei som var inne slo seg ut.

Ein av dei ting som me dreiv møkje med var å lauga seg. Der renn ei liti elv forbi Mauland. Ho heiter Tverråno. Den rend ut i Håelvi med Haugland. Der er netop på vår eigendom ein god laugeplads. Der er eit ikkje so svert djup straumlaust stykke. Eg bala lenje før eg fek det til og symja. Lærde når eg låg paa eit forsete inne i stova og gjorde dei rette sømjebevægelser med armar og føter. Då eg gjore det same når eg kom ut i vatnet flaut eg fint med ei gong. Eg hugsa fyste dagen eg kunne sømja var me å lauga oss i ein høl på Garborg. Den sãm eg over, tras i at han var 4 - 5- m djup. Det var uendelig gjilt å lauga seg når eg kunne sømja.

Når våren kom for alvor og dei vidle blomane kom for me rundt og henta blommar. Nede ved elvi vaks der det me kalla vasblomar. Dei var temmeleg store og gule. Eg veit endå ikkje det latinske namnet på dei. So var det hestablom eller løvetann. Dei var og temmelig snara til koma. Me gjek og opp til Risaskogen eller Mossige-lunden og henta kusumar. Der var ein mengde av dei i skuggen av trei. Dei lukta svert godt. Me satte dei so i vatten inne i stova. Der levde dei i fleire dagar. I elvi dreiv me og med fising. Mangen aure har eg dreie or Tverråno, både små og store. I elvi gjek der opp både aure (sjøaure) og svidda og endaatil av og til laks. Men dei var ikkje alltid so gode å få tak i. Men eg vart temmelig flink til å ta dei med hand. Når du tek det rette taget bak um hovudet kunne du få dei temmelig store. Seinare når eg vart noko ældre reiste eg saman med nokre andre til høgheiane og fiska. Der fek eg alltid mykje fisk og det var mykje moro. Det var ikkje berre fisingi i heiane som var gilt. Det var og den friske lufti og fugle - og dyrelivet som var gjilt å sjå og høyra. Det er noko av det eg sakna mest no når eg er so krank at eg ikkje kan koma på heii lenger.

Noko av det gjillaste eg viste når eg var liten var når toro slog og der lynte svert. Eg tinga med far at han skulle ropa meg når tora slog um natti. Då stod eg opp og gjek opp på ein haug atmed husa, hvis der ikkje ringde, får å sjå på lyningi. Det var noko av det gjillaste eg viste. Eg var aldrig red tora um hu slog aldrig så hart.

Det kristelige og religiøse liv. Eg var ikkje stor karen før eg var med til kørkja. Når me kørde gjek vegen um Garborg. Ingen offentleg veg, og so opp um Mossige-garen ned Fos-dalen og på øvre sia av Fosse. Sovist forbi Fotland over den gamla fosbrui um Skrutland og Time til Time kjørkja. Det var presten [PERSON] som preika i kjørkjo det fyste eg kan minnst. Han helt på lenje.

Det vanlege var 2 timar og eg tykte det vart svært lenje og sitja still. Var alltid svært feien når dei begynte å synja etter preiki. Mange tider gjek me til kjørkjo. Då var det helst berre han far med. Me gjekk då over utmarki og um Grødem. Der var gangesteinar i Håelvi nord for Grødem og der var mange tider helle vondt å koma over. So kom me til nedre Oma og so um Løge til kjørkjo. Mange tier vitja me slektingar med det same me var med kjørkjo. Anten til [PERSON] som var syskebarnet til far eller til [PERSON] som og var syskenbarnet til far på den andre sia. Det var alt før "den nye vegen" kom, som me alltid kalla han. Den var arbeide i 1900 til 1903. Då vart det greit å køyra til kørkjo. Offentlig veg frå Mauland til Garborg fek me i 1914. Veg frå Mauland til Haugland fek me i nokon og 20-åri. Veg over Tverelvi til Nærbø fek me fyst i nokon og 40-åri. Den siste vegen var den me mest trængte. Der er berre umlag 4 km til Nærbø når me køyrer over den nye brua, før motte me køyra um Garborg når me skulle til Nærbø og det var mest dubbelt så langt. Det hev mykje til aa seia at der er gode vegar til garane.

Når me ikkje køyrde eller gjek til kjørkjo, las han far preiki. Det var [PERSON] sand kristendom. Me unganen motte sitja stille å høyra mens han far les. Preiki var lang og tidi fall heller lang. Um vintrakveldane las me i nytestamentet. Me hadde kvar sit nytestamente og las høgt eit vers kvar. Det var sikkert ein god skik.

*Arbeidslivet på garen.* Me hadde ikkje svært med arbeidsredskaper på garen det fyste eg kan minnst. Der var ein grinnaplog. Seinare fek me ein jernplog med 2 lange styre. Men her var ikkje hjul til å regulera jubden korleis det kunne ha seg. So hadde me ei trehorv med lause tinda i. Seinare kjøbte han far ei labbahorv. Denne var serleg tung å trekja for hestane. Det var berre hestar me hadde til trekraft utgjønno i mange år. Traktorane kom fyst lang tid seinare. Det var svært tungvindt å stella i fjaset det fyste eg kan minnst. Foret motte berast ut frå løa um veret var aldrig så fælt, og vatnet til kyrne motte berast i bytta frå brunden. Me brukte vassel. Det var ein stok som var arbeid serskilt til dette bruk. Der var tilfert serskilt opning for halsen eller hovudet og so var der ein kjetting i kvar ende med krog ned-i-enden til å hekta i bytta. Der var mykje lettare å bera 2 bytter med vassel end å bera dei med bare hånd.

Vårånni var nokso fort gjort. Me venta alltid til jori var godt turr. Me var svært redde for å arbeida i våt jor. Der var mange tider frost um nettene. Då torte me aldri horva før frosten gjek av jori. Me hadde ingenting å sprøyta ugraset med. So det gjaldt um å vera forsiktig med jori so ikkje ugraset skulle få tak. Eg kan hugsa det fyste me tok til å sprøyta. Det var med noko dei kalla fikrel. Det såg ut som eit stort salt men var grønt på let. Me la det i vatn og løyste det opp før me sprøyta. Men det var svært vanskeleg å få til med denslags sprøyting. Seinare kom svovelsyra. Det vart mykje enklare og billigare, men ikkje heilt ufarlegt å handsama. Var ein uheldig og fek syra i ansiktet var det mykje farlegt og fek ein svovelsyra yver føtene så tok det skinnen av og der vart brandsår. Det var og farligt å pusta ind lufti når ein helt på å laga sprøyteveska. Eg var med, me sprøyta til heile Maulandsgaren. Då skulle eg blanda sprøyteveske til alle. So var eg ikkje forsiktig nok men fek pusta i meg for mykje eim av sprøyteveska, so vart eg so upbrend i lungene at eg motte ligja dagen etterpå. Det fyste var her ikkje slåmaskiner til å slå kjelvene med. Den fyste som fek slåmaskin so eg kan hugsa var [PERSON]. Han var på Mauland og slog kjelva. Siand fek [PERSON] slåmaskin og so [PERSON]. Disse for rundt og slog på mange gara.

Men det vart ikkje lenje før me kjøbte slåmaskin. Det var ein norsk, Odin heite den. Me hadde den i mange herrens år. Etter eg vart vaksen slog eg alt på heile garen med den. Det var 1 kr. timen når dei hel hestar sjølv. Då var det og ta til å slå etter me hadde høia um dagen og so slå so lenje eg såg. So opp igjen kl. 4 um morgonen og ta til å slå igjen til soli kom so høgt på himmelen at det var tid til å kasta såter. Far kjøbte og ei høiriva for hest, men det haure begge hjuli til på ei sia so ho vipa berre på det eine hjulet. Me motte snu graset med haand lengje og det var tungt. Etter far var død i 1904 kjøbte mor høyvender og det var ein lyst å snu høyet då.

Det var akurat som der var varmare sumrar i rundt 1900. Men so var her heller kaldare vintrar. No i seinare år hev me havt so milde vintrar men ufysne våte og kalde sumrar. Men den ringaste sumaren eg kan hugsa var likevel 1909. Men etter denne tid fek me mange gode sumrar og

gode avlingar. 1911 var svært turr, svært tidleg vår og sumarverme frå i april og utover heile sumaren. So her vart lite høy og åkeren var svært stutt. I 1911 bygde me uthus som eg før hev nemt. Paa same aaret tok eg akord på å slå og berge ind avlingi på 5 bruk på Opstad Tvangsarbeidshus. Det gjek svært godt. Eg trefte godt ver og fek høyet turt og godt i hus i 5 hellest dårlege løer.

I 1914 tok krigsåri til av den fyrste verdenskrig. Norge slapp å koma med i krigen men her var mange nordmenn som myste livet til sjøs og mange norske skib vart torpederte. Men her var ikkje svært godt med maten især i byane, og det vart snaut med brødmat på landsbygdi og. Sjå os motte me til å eta middag 2 gonger til dagen, både til middag og til kvelds. Eg fekf helst vondt i magen det fyste av all denne middagsmaten, men det vart ein vane.

Ei vara som tobak vart der og sterk nau på. Det var løye til å sjå korleis mange lei vondt av ikkje å få tobak. Men her vart ein ende på denne krigen og Norge kom tålig godt frå det tilslut.

Veret. Der var mange slags ver um åri fram gjennom både tidi både sumarver og vintraver. Den verste snøvinteren eg kan minnast var frå jol 1905 og ettervinteren 1906. Det tok til notti til joldag og snødde då 3 joledagar til ende so at vegen vart full av snø og me motte måka i det uendelege. Men den verste rennedrevsdagen eg kan minnast var 2.dag nytår 1906. Då bles det svært av sudaust som er den verste rennedrevskanten her på Jæren. Der vart overhendige faner. Utfor stoveglaset sjå os la seg ei fane som gjek heilt over stoveglaset. Når det vart opphald igjen motte me måke ein masse for å få dagsljose ind i vindua. Me hadde eit hønehus med høne i heilt nede ved elvi ein stad. Dei helt på å krepera og me motte bera dei heim i sekker og fek ein førebils plads for dei i den eine kjellaren. Men sjølvsagt gjek det utover verpingi på denne måten.

Same vinteren i februar månad motte me moka upp vegen igjen 2 gonger. Me var ferdige med måkingi eine kvelden men med notti bles her lika fuldt igjen. I januar etter det svere rennedrevet 2. januar stod jernbanen 14 dager før den var heil gjennomgang frå Stavanger til Eigersund. Det er noko som ikkje hev hendt seinare. Eg tok på og var med og måka på jernbanen og tente kr. 4 pr. dag og då tykte eg at eg gjore det godt. Det var sjølsagt på eigen kost. Det kan vera ei samanlikning med korleis løningane var då og no.

Eg var borte lidt i torvskuren og bar torv då eg var godt og vel konfirmera. Løni var kr. 1 pr. dag + kost. Men eg fek ingenting av løni. Ho mor motte ha pengane til forskjellige ting som ho trengte. Min far døyde i 1904 av lungebrand. Si den tid var det eg som motte styra med arbeidet på garen. Me haddde eit nokså stort jordstykke som me skulle ha jordyrkningslån på og det gjalt um å få det ferdig snarast råd var. Eg leigde då ein god veitegravar i 1905, han skulle ha 2 kroner dagen + kost. Men det var so mykje i den tid at eg bad han um at ingen motte få greie på den stora dagsløni. Han arbeide då fraa kl. 7 um morgonen og til 7 um kvelden. Det var lang arbeidsdag. Det var det vanlege at ein ikkje skulle slutta arbeida før kl. 7 um kvelden.

Mange tier i høyveret helt me paa um kvelden, så lenje som me såg. Alt høyet skulle fenjast med fengriva og lessa alt på langkjerra. Me motte så ta det med hånd og bera det av kjerra og av i høystaen. Når det var lidt høgt i staen motte me bruka trap og bera det up i staen. Det var mon job å bera av høyet. Eg bar av alt høyet når eg var 12 år og ein mindre bror min låg i staen og trydde det til. Det var formykje sled for ein gutt. Når slaatten var ferdig fek eg so vondt for brystet at eg hadde vondt for å sova. Men det bestna til igjen når eg fekk ta det maklegare.

Etter slotten hadde me torvkjøringa. Det fyste eg minnest skar me torv i Hauglandsmyri. Det var ein torvbee med mange gamle runne grover. Det skar alltid runne grover ifrå den ældste tid korleis dei fek det til. Noko av det gjillaste eg viste var å skjera torv. Det var før slotten, hele i slutten av mai og fysningi av juni. Eg tykte der var betre torvterre i disse åri en der hev vore i seineeste år. Me kjøbte ny torvbee i Torlandsmyri i 1904. Det var fyste året me skar torv der. Frå denne ti og til for 2 år sia når resten av torvbeen vart indløyst til jorddyrkning skar me kvart år meir eller mindre.

Når me hadde murd bakaromn gjek her ein mengde torv til kvar gong denne skulde vermast upp. Men det vart godt brød i slike bakaromnar. Me gjek over fra berre syrekaga til meir brød eigong umlag 1900. Bakaromnen fek me fyst i 1911 og frå denne tid vart so å seia alt brød bakt

heime. Det var kjøbt rug blanda med kveite me bakte av. Det hadde minka av med avling av rug på garane no. Her var ikkje mange som avla rug sjølv.

Når skuren kom var det og skjæra med sigd. Me bat bandi med bend so ein laga av kornstrå og sette dei i halvtræv. Det var 12 bunde i kvar halvtræve, 6 bunne paa kvar sia. 2 halv trævar var 1 treve. Då so banni hadde turka ein del var det å skryva. Der gjek ein halvtræve i kvar skru. Hvis det var godt skryvt var det ikkje verst måte å ha kornet på, men vart stormen for stri, so tok han mykje av bandi og sumti kvelvde han heile skruet. Når kornet var passeleg turt i skrui var det å køyra det ind. Me motte fyst setja kornet utover som det heiter og so fenja det når det hadde stanne nokre timar. Me fengde det då fyst. 4 bunni i kvart fang. 1 bunne kvar veg i fanget. Det var godt å lessa på langkjerra då og det gjek laglegt fort. Når me kom i løa med lasset, skulle det seinare opp på høystaen eller opp på lemnen høgare i løa. Me bruka då Konnskot. Det var ein serskilt aparat med 2 fingrar i den eine enden so og stikka ind i kvar bunne. So var ein på kanten uppe i staen og kasta bunni til han som låg og ladde i staen.

Trøskingi gjek for seg anten med vindmaskin eller der dei hadde anledning til det med vassjul, men skulle der brukast vashjul motte løa ikkje vera altfor langt frå husi. Andre bruka hestevandring. Dei kunne dei få kjøbt ferdigstøypte og så bruka dei hest til å dra maskina. Man hadde då ei lang trestong som var stukke ind i hestevandringa. Ute i enden på stongi var ei lykja som ein hegta skagte fast i og so gjekk hesten stadig rundt i ring. Det gjekk det og.

*Potetupptaging.* Potetupptagingi gjek med entan å spa dei upp eller helst pløya dei upp med almindeleg plog eller hypeplog. Hentingi av poteterne foregjek med hånd. Man hadde lit simple klær på os og kraup på molli og grov med henderne. Me hadde 2 bytter kvar, ei for store matpoteter og ei for småpoteter og beskadiga og rotne poteter. Det gjek noko seint men det gjek ganske bra hvis veiret var nokonlunde godt. Det var vanleg å haustpløya åkeren um haustane. Det var ikkje alltid at plogane var so gode akurat. Det var mykje Raugstadsplogar dei brukte det fyste eg kan minnst. Men so kom Kvernelandsplogar og Kyllingstadplogar.

Veitegraving og uptak gjek føre seg med spada, spet og ikkje å forgløyma steinbråt. Var det lidt større steinar var der brukt minst 2 bråt og endel klossar til å brekka på. Før steinbukken kom var det eit stort slit å få upp steinen i botten på veitene. Me brukte ei taugstrop um eit bråt og lyfta på denne måten steinen eit stykke. So var det å legja stein under og så ta eit nyt tak med brotet. Eg sleit mange tider so eg heldt ganske på å uvita. Når me endeleg hadde fåt steinen opp, motte me setja os ei tid til me fekk pusten at. Eg var nok ein av dei fyste som fekk steinbuk. Me brukte då store gamle skibsblokkjer og tog i stadenfor veier. Det var Underhaug på Nærbø som tok til å arbeida dei fyste steinbukkane. Han arbeidde mindre blokkjer av jernplater, trinsla av jern støypte. Når me so fekk veier i staden for tau gjekk det godt. Dynamitten var so vidt komen i bruk det fyste eg minnest. Før var det berre krut som var brukt til sjoting av stein. Når dynamitten kom gjek det mykje betre.

Den fyste dynamitten som kom motte tinast upp før me kunne sjota med han. Han var ganske hard sjølv sumarsdag. Me la han då i varm sand eller i hestalort som der var gjær i. Eg var mange gonger i livsfare når me skulle sjota. Til å sjota stein var noko av det gjillaste eg viste. Me gjek på heilgropte tresko. Ein gong me hadde lad 2 steinar som stod så nære einannan at eg sette treskoen fast millom dei når eg hadde tent lunta. Eg sleit då so lenje for å få skoen laus at eg kom berre eit lite stykke før den fyste steinen gjek. Eg støyte då uti ei tua med den eine foten so eg datt, imens fauk der ein stor stein ut over hovudet, så hvis eg ikkje hadde snubla hadde eg fåt den rett i nakkjen.

Ein mand som eg hadde med meg på uptaket stod lenger vekke og såg på det. Ein annan gong skulle eg tenna 3 steinar i ei spafor. I mens trekte der upp ei tjuk byga frå nordvest. Det var i november månad og då kan der mørkna ganske fort um kvelden iser hvis her er bøygever. Når eg hadde tent steinane var der so mørkt at eg såg mest ingenting. Eg motte då krupa noko meter yver eit steinut upptak før eg kom på ein veg so eg kunne springa. Sprang då alt eg vann. Eg ville legja meg under ei bru over ein kanal. Med det same eg hoppa ned i kanalen atmed brui, gjek det fyste skotet. Eg kasta meg under brui so fort eg kunne. Var sovidt under komen so datt der 3 store fliser

der som eg stod då skotet gjekk. Då der var endel vatn i kanalen vart eg heilt gjennomvåt av vasskvetten. Men eg var glad eg var komen under brui likevel.

Ein annan gong hadde me fått noko lunta so brant so fort. Me var 2 mand og hadde tent 11 steinar. So viste me ikkje av før steinane tok til å gå av. Me sprang det me kunne men flisene fauk runt os alle stader men lukka var igjen med, der var ingen flise som trefte oss.

Den 4de gongen, det var midt på ljose dagen um sumaren, me skulle sjota ein svert stor stein. Eg var sprunge langt nok vek men so la eg meg under ein stein som stak ut nokså mykje. Det er ein ting som ein aldri burde gjera. So haure eg ei steinflis som ylte so svert i lufti. Eg klemde meg so godt eg kunne ind under steinen. So viste eg ikkje ord av før den store flisa dat ret ned på den steinen og gjek i tusund betar. Det var so steinrøik at eg såg mest ingen ting. Hadde flisa gått nokon tomar lenger ut, hadde den treft aksli mi, og daa hadde der ikkje vore liv i meg.

*Dei politiske tilhøve.* Dei fleste her paa Jæren i 90-aari hørde til dei sokalla moderate. Her var nok ein del høgrefolk, men lite og ikkje reine vinstre. Me helt "Vestlandsposten" og det var mange huslydar um kvart blad. Bladet vart titt ei veka gamalt før me fekk det. Intektene var små sjå dei fleste for ikkje å seia alle. Dei kausjonerte for ein annan på smålån i bankane. Det var mykje ganga hus imillom for å få påskriv av kausjonistar.

Dei religiøse tilhøve. Eg hev før skreve at me kørde og gjek til kørkja. Det var nokså mandjamt at folk gjek til kørkja i den tid, serleg mandfolki. Det var nok ikkje alltid at dei gjek for å høyra Guds ord. Det var nok mangetider og for å treffa folk å få snakka med dei etter preika. Man besøkte og sjølfolk og kjenningar etter preika. Lensmanden eller ein annan i hans stad møtte upp på kjørkjebakken og las upp ein mengde kunngjæringar av alle slag. Millom anna og tvangsauksjonar. Det var ein skik som varde langt fram i tidi. Det var bare godt at dette vart slut.

Der var ein heil del emiservirksomhet den fyste tid eg kan minnast. Møterne var mange tider halne i privatstuene. Der var mange møter og fleire emiserar som helt møte i husi vore. Eg kan hugsa [PERSON], [PERSON] og kanskje fleire. Der var ofte endel som reiste og helt møte som ikkje var fast ansatte emisærar. Her var bedehus på Nærbø og på Bryne hadde dei fått Saron. Der møtte mykje folke upp på møtene på bedehusi. Missionselevane frå Stavanger var og ute og helt møter. Eg kan hugsa at me var på Nærbø og hørde missionselev [PERSON], far til noverande biskop [PERSON]. Eg hugsa at han var sers flink til å tala. Nokon av emiserane var og talera for fråhaldssaki. Eg kan hugsa eg var på Nærbø bedehus og haure [PERSON] eg var so liten at eg kan ikkje hugsa kva ho sa, eg hugsar at ho var ei stor pen dama. Seinare hugsa eg spesielt [PERSON] frå Trondheim. Han var ein riktig stortalar.

Barndomsminne. Farbror min, [PERSON] med familie kom på besøk då eg var temmeleg liten. Seinare kom han titt, men han var mykje av tidi å teina. Han var som dei fleste veit slegtegranskar. Han kunne sitja og fortelja um vor slegt i det uendelege. Han hugsa alt utan papir. Eg var titt med han rundt på eigendomen. Han ville sjå alt som han minnast frå gamal tid. Han fortalte mange gonger um hendingar som her hadde vore i gamal tid dei ymse stader på eigendomen.

Der var i marki ein liten hage atmed berget som me kalla det. Der hadde han og min far og [PERSON] bygd ein prekestol. Der skulle dei preika kvar sin tur. No var dei nok ikkje nokon sers talarar nokon av dei. Men når dei ikkje hadde andre tilhøyrara end dei sjølv, gjek det nok. [PERSON] hadde handskreve ei bok um garen Mauland som han gav meg. Men ein gong seinare han var heime fekk han ho henne med seg at, han ville retta lidt på noko og skriva noko nyt til. Denne boki kom ganske bort. Farbror må vist ha lagt henne igjen einkvar stad. Eg skulle gitt mykje for å fått den igjen. Men eg ser nok aldri den meir.

Eg hugsa at farbror [PERSON] og eg var og besøkte [PERSON] i Knudaheio. Det var ein sundag i slotten. Der var lidt nordavind og lidt disig i lufta. Me kjørte med hest. Noko ant framkomstmiddel var der ikkje end untagen sykkel. Så seiar farbror når me kørde oppover. "Det er nok lite truleg at [PERSON]veit det er sundag idag". Me kom upp og eg fann ein plass til å binna merri og so banka me på og gjek ind. [PERSON] sat med slobrok på og skreiv. Farbror seier: Me



kom på at me ville upp å sjå um deg si det var sundag idag". "Å, er det sundag, det viste eg ikkje," sa [PERSON]. [PERSON] helt på og sette over Odyseen og Iliaden frå gresk til nynorsk. Farbror var språkmeister og der vart ein mengde snak um korleis mange ord skulle umsetjast frå gresk til nynorsk. Farbror tok og til å snakka um far til [PERSON]. Der var ein proses millom uppsitjarane på Garborg um eit vandfall. Der var mange som snakka um at dei trudde [PERSON] hadde gjort vrang ei og kva [PERSON] hadde haurt um det veit eg ikkje. Men so sa farbror [PERSON]. Far din var part i saki og han fekk soleis ikkje gjera eien. [PERSON] haure oppmerksomt kva farbror sa men ha sa ingenting.

Når me reiste paa vegen ned igjen sa farbror til meg: "I dag hev eg sagt noko til [PERSON] som eg hev tenkt lenge på å seia, men det var som det fall lettare å seia det med han her på Jæren og *si du* [PERSON] haure på det". [PERSON] serverte sider til oss når me var der sjå han. Men noko mat baud han oss ikkje. Han hadde nok ikkje noko sers å by på heller. Det var interessant å sjå og høyra når [PERSON] og [PERSON] talte saman. [PERSON] fekk likesom eit anna meir fornøgd ansiktsdrag. Det var nok so at når det var folk han kejnede godt og hadde tillit til so var unselighet og blyghet borte. [PERSON] sa til meg eingong: "Hugs paa, #M, at her er ingen plads på jori so vakker solnedgang som på Jæren".

Dei gamle husi. Dei husi me endå hev, var bygde i 1846, altso mykje over 100 år gamle. Det var bestefar som bygde dei. Han flytte husi frå der dei stod saman med dei andre husi på Maland mest ned til kverni. Han flytte dei høgare upp til ein haug med fjell i lenger mot aust på eigendomen. Dei var bygde med skorstein av gråstein og med grua og skjæringar til å henja grytene i. Der var og steingolv i kjøkken, store hedle som der er so mykje av på Mauland. Det var alltid ei plaga med sodet som det var i slike skorsteinar. Under golvet i kjøkken var her indbygd eit sanhol i graasteinsmuren. Me køyrde til Nærland og læste sjøsand som me brukte på golvene. Kvar laurdag sopte dei reint i stova, skurde golvet som var trekvit og so strødde dei sjøsand på golvet. Der vart temmelig friskt og godt i stova då, men det vart temmeleg bosete og ureint når det lei bort i veka.

Eg hugs a at eg var med til Nærland etter sand eingong då eg var temmeleg liten. Der var lidt frost men hellest godt ver. Det var fyste gongen eg såg sjøen. Eg fekk eidel naglebet når eg skulle på heimvegen og so motte eg gå for å få varme i meg. Me kom heim i god behold og dette var den fyste lidt lengre tur eg var med på. I 1915 kasta me ut den gamle skorsteinen og fekk lodpipe og tregolv i kjøkken. Det vart eindel betre rom i husi når me fekk ut den svere skorsteinen. No eg hev vorte gamal fortonar alt seg på ein annan måte. Det som er ser mest etter i avisen no, er dødsfalli. Ein mengde, helst dei meste på min alder, er no døde og eg vet vel at det snart kan være min tur til å seia jordlivet farvel. No er det vår og det grønkar på marki, snart kjem dei vidle blomane, og eg må seia med [PERSON]: Endå ei gong fekk eg vinteren å sjå for våren å røma.

## Minner fra Årstad i Sokndal

Fortalt av en som voks opp på stedet, men siden tok utdanning og vart møllemester på Holmen i Jøssingfjord. Var med på flere store industriutbygginger, for til sist å bli værende ved Titania sitt anlegg på Sandbekk.

\*

Mitt livs lagnad. Det var en varm sommerdag i 1883 jeg så dagens lys i en stue på gården Aarstad i Sokndal som nr. 3 i rekken av en barneflokk som ble 6. Motsett de andre var jeg den rene

svekling. Jeg gav ikke lyd ved min ankomst - fortalte min mor senere. Det kunne gå dagevis hvor de såvitt kunne merke at der var liv.- Denne svakheten en følge av at min mor var syklig en tid under graviditeten. Men jeg kom mig da fort under hendes omsorgsfulle pleie, og det første intrykk jeg har av livet utenfor var to år senere. Jeg stod da i kjøkkendøren og sa. . "En gammel mann." Mor som var på kjøkenet så ut. Jo ganske riktig, det var vår nærmeste nabo f. h. v. skipper og gårdbruker [PERSON] Sokndals første ordfører. Han kom stabbende fra stabburet på gården med sin sølvbeslåtte stav i hånden. Den dagen ble hans siste. Han døde av slag 83 år gammel Dette bilde av ham står fremdeles levende for mig.- Årene gikk videre og jeg ble interessert i boklig lærdom. Far hadde allsidig lesestoff. han holdt "Vestlandsposten"- utgitt av Betaniastiftelsen i Stavanger. "Illustreret Familieblad" og "Børne-tidende" som kom ut på Horten. Jeg ble levende interessert i hvad, det betydde alle disse tall, ord og bilder som stod der, og fikk god hjelp av min fem år eldre bror.- Han nådde senere i livet stor anseelse, ble en kjent mann innen landbruket, blandt folkets kårne og med sæte i kongens råd- Desuten ble jeg undervist av husets tjenere og eldre personer på gården. Da skoleloven av 1889 kom begyndt jeg 6 år gammel i *skole* i leidd skolerum på nabogården. Jeg var da komt så langt i det boklige at læreren satte mig til å undervise andre nybegynnere i staveboken.

Jeg vokste opp i et harmonisk hjem blandt foreldre og søsken, vi hadde alltid tjenere til hjelp i huset og i onntidene flere daglønnere. Besteforeldrene var døde før jeg ble født. Far var så opptatt i kommunale gjøremål at han hadde lite med oppdragelsen at gjøre. Den faldt på mor Hun hadde en utmerket hukommelse og kunne fortelle mangt og mye fra sin ungdom og om hvad de gamle hadde sakt. Selv syntes hun det morsomste var da engelskmennene drev grubedrift i Blåfjelltiden. Når hun hadde vært tilfjells og sett etter bufeet, fikk hun kjøre nedover med de fulllastede malmvogner. Mor var flink i håndgjerning, karding, spinning og vævning, og ellers alt forefallinde huslig arbeide,- som nå er avleggs. Hun var som oftest i godlag. Sang stubber og fortalte eventyr om nisser og troll og meget annet. Det meste has nedskrevet. Far derimot var opptatt med kontorarbeide om aftenen og det kom alltid noen som skulle ha spørsmål besvart. Da ble der mangel gang trangt om plassen. Især når vi hadde omgangsskredder og skomaker i huset. Far kjøpte årlig inn det nødvendige av klær og sko til hele familien og fikk det sydd hjemme.

Barneårene var en intresant tid for oss hjemme. Vi fikk være med i de voksnes tale på mange områder. Her kom folk fra mange slags yrker. Særlig sjømenn fra de 7 hav. Onkel [PERSON], sønn av [PERSON], hadde vært sjømann i 30 år På første turen ble han med på samme skute som sin far som var båtsmann der ombord i den Skvær-rigga Briggen "Vidar" av Sokndal ført av kaptein [PERSON] fra Aarhus i Stranden. De seilte på Amerika med emigranter og mange sokndøler reiste over, ble det fortalt. Onkel [PERSON] hadde seil med både innen og utenlandske skuter vært med på to forlis og komt tålig bra fra det. Som han sa: "Vi reddet livet, men mistet ellers alt." Det ene forliset fandt sted i Stillehavet, det andre i Middelhavet. Men han tilføyde at det værste han hadde sett var da han var ombord i en engelsk "Skonnert" på reise fra Australia til England me kornlast. De kom ut for en stormbyge og måtte reve seil. Da skjøt skipperen en mann i riggen så han datt på dekk. Dette bare fordi mannen ikke var snar nok under arbeidet. "Vi andre tok da skipperen og låste ham inn ombord i sin lugar og stymannen overtok komandoen. Da vi kom til England ble vi fengslet for mytteri og straffen skulle være "Trampemøllen." Vi fikk en jurist til å føre vår sak," fortalte onkel [PERSON], og etter 14 dagers fengselsopphold var vi frie".

Slike fortellinger og andre gjerne om ætten som ble fortalt i ledige stunder var for oss interessante underholdning. Gården Aarstad er av gammel bosetning og kan følges langt tilbake i tiden med forskjellig skrivemåte og egennavn. Den elste form er: "Ormstadir" etter den første bosittende "Orms gård." Gården er av middels størrelse regnet etter feholdet på 10 kyr, hest, 20 sau og endel småfe. Den er lettdrevet og ettertraktet av storfolk. Således kom hertil under dansketiden betydelige personer som slektin [PERSON] og [PERSON]. De blandet blod sammen og med de bosittende på 17hundre tallet. De fikk således en stor slektsforgrening i bygden.

Barneskolen var en interessant tid til å begynne med, men så fikk vi en lærer som var den rene sadist. Han var en dyktig lærer, men hadde den feil at all lærdom skulle inn i barna ved den brutale kraft. Han slo med linjalen over fingrene, dro i håret og ørene så blodet rant. Men ikke nok med det. I nærheten av skolen grodde hasselskog og kjepper derfra var fine bankeredskaper. Jeg tror det var mig som fikk ham fra denne sadiskiste uvane. Han likte godt å være med elevene i lek og moro i friminuttene. En vinterdag med klam snø var han med i snøballkrig. Jeg tok da et stykke isjøkkel og knadde inn i snøballen, den kastet jeg rett i fjeset på ham så næsen ble skadd. Siden var han snill. Vi byttet titt lærer i vår skolekrets så jeg fikk et godt inntrykk av de enkelte lærers faginteresser. Jeg kom til å interessere mig mest for historie. Religionsundervisningen kom mere i bakgrunnen. Vi fikk vanskelige uforståelige salmeværs som skulle pugges og dertil kom gjerne det som senere i livet gjer sitt til at jeg ble "Agnostikker." Idag skall vi ha en time religionsundervisning som er bestemt, "sa læreren: Men dere behøver ikke å tro på det for det er tøys alt sammen."

Skoletiden var 36 uker om året med 2 klasser. Vi gikk annen hver dag på skole ettersom vi var i første eller annen klasse. Lærerlønn var da kr. 11.- pr. uke 396 kroner året. Lek ble det lite av utenom skolen som varte fra kl. 9 til 4 med en time middag, da møtte vi tidlig opp, tok ryggtag, høydehopp, hurtigløp eller ballkastning enkeltvis eller i partier. Ballen var på en apelsin størrelse av lær, som vi sydde selv. I fritiden var der mer enn nok å stille med. Gårdsarbeide og sauegjetning, ble der tid tilovers var det fiske i elven etter laks og sjøøret som senere i livet ble min hobby. Min første laks var på 4 kg. fisket med primitivt redskap og selvbundet flue da var jeg 8 år kry som en hane og fikk ros av foreldrene. Far var som tidligere vevnt en opptatt kommunemann, mange år som ordfører, bankkasserer i stedets sparebank i skole og fattigvæsen i fylkeskomiteer og utskiftningsvæsenet m.m. dertil i to år 1897/98 konstituert lensmann i Sokndal. Det ble ganske mye post iblandt som måtte hentes på Ladestedet som var Sogndals sentrale sted.

Postkontoret holdt tilleie i en eldre sjøbod med en f. h. v. skipper [PERSON] som poståpner. Seks år gammel ble jeg postbudd for far. Det var 2 km. gangvei til postkontoret. Veien var bra opparbeidet av bønderne som pliktarbeide noen år tidligere. [PERSON] var en sinnatagg som ikke likte barn som spurte etter post. Men det gikk godt med mig for far hadde også vært skipper og de to var dus. Posten skulle komme med kystruten til Rekefjord og derfra med postbærer til Stranden. men nå stod der en stjerne på rutebladet som betydde at anløp kunne unlates under dårlige veirforhold, da kom posten med hesteskyss fra Egersund. Det ble en interessant tid for mig årene framover som posthenter. Ladestedet som var bygdens eneste handelsplass hadde stor omsetning og byttehandel med bønderne. Her møtte opp gjøglere og tryllekunstnere som ga oppvisning innendørs eller på torget, buktalere som holdt ap med bønderne og fikk dyr som hunder, hester og kalver til å rakke ned sine eiere til stor moroskap for folket. Ladestedet hadde brennevinsbolag til 1898 da ble det nedstemt. Men så kom de igjen øl og vinutsalg.

Rusdrikken ble som oftest fortært under sjøbodene ved elven. En gang ble en mann kastet i elven jeg med flere andre sprang nedover og ved kaien fikk en mann tak i han med en båtshake og vedkommende som var edru slapp med skrekken

Så kom den dagen vi var fri skolen noen eksamen ble ikke holdt bare presten møtte opp i skolestuen og overvar undervisningen. Noen andre dikkedarer med festlighet og gaver verken før eller etter konfirmasjonen forekom ikke. Vi møtte opp i kirken 42 gutter og rett over for oss i mittgangen stod 42 vakre jenter, altså 84 ialt. Akkuratt par. Jentene hadde vi ikke sett før da vi ikke var sammen under konfirmasjonsforberedelsen. Der er mange ting og hendelser som har hendt enhver av oss siden hin minneværdige dag i året 1897. Jentene kjenner enn mindre til. Men av oss 42 gutter lever idag 10. Den første som faldt fra druknet en måned etter konfirmasjonen i 97. En gutt og en jente som var par i kirken feiret for noen dager siden diamantbryllupp - 83 år gamle. Nå skulle jeg etter skoleloven være fri for videre skolegang, og gledet mig til å komme med blandt de voksne. Men det gikk ikke så. Min far var en klok mann han sa: "Du skall gå videre på skole, for lærdommen er lett å bære." Og så sendte han meg til en annen skolekrets, Frøyland skole, hvor

kirkesanger [PERSON] var lærer. Der var jeg vinteren over.

Siden ble det mellemskole og da den ambulerende amtskolen skulle ha kurs i Sokndal gikk jeg der. I mellomtiden hadde jeg vært borte i anleggsvirksomhet og likte dette arbeide. Jeg tok teoretisk utdanning i anleggsfaget som siden kom til stor nytte for mig. Disse ungdomsårene som tenåring og framover var ganske interessante år. Jeg lærte å kjenne mange mennesker, under forskjellige forhold, også kvinner.

I den tiden var jeg både inne og utenfor stedets losjelag og vi hadde mange hyggelige fester sammen som gjerne varte til den lyse morgen og da var det å følge jentene hjem og så en klem til avsked. Iblandt kom en sammen i stuer hos hygelige mennesker og da med alslags skjemt og gåter som underholdning. Da kommunen fikk forsamlingshuset etter den nedlagte grubedriften på Blåfjelles gruber og oppførte dette på Hauge til kommunelokale da fikk ungdomslaget tilhold der. Møtene holdtes hver fredag. Den drivende kraft der var ungdomens venn lærer og kirkesanger [PERSON]. På møtene som var upolitiske ble der holdt mange gode foredrag og innlegg med diskusjon. Blandt deltagerne var også de kjendte adventister, senere biskopper i sekten [PERSON] og [PERSON].

Om vinteren var det kanefart med klirrende dombjeller og frisk jentelåt på klittrende landevei, eller hand i hand med jentene på stålblank is. Andre tok sin kjelke og jenten med, og så bar det nedover i sussende fart de lange veibakkene, mens de råpte: "Av veien her," så det gjomet i fjellene. Når *julen* var over og ølbrygget tok slut etter romhelgen kom man sammen i løpet av januar og bestemte sig for eventuell å dra på varsildfisket. Da byttet man ølkaggen med en kagge surmelk som etter gammel sedvane måtte has med utenom kavringer og fenalåret.

Når våren kom med isbrytning i vann og elv og elven brøt opp hadde vi i Sokndal de største natursenerier en kunne ønske seg. Store tykke isflakk kom opp på høykant og dannet barrierer så is og vann fløtt langt innover jordene. Sommeren var en fin tid for de badende i elven. Her var ikke den bebyggelsen langs elven da som nå. Personer av begge kjønn badet nakne uten badedrakt like fra prestfruen til husmandsjenten. Det var ikke skjeldent at gutter og jenter etter puberteten badet nakne sammen. Men det hente også at kvinner gikk i vannet med fotsid kjole på under badning.

Når en er inne på temaet badning, så hente dette meg som mindreårig før jeg kunne svømme. Vi var noen gutter som badet i elven jeg kom da ut i en djup ål og gikk til bunds. Etter en stund da en av de større guttene så at jeg ikke kom opp igjen, dykket han ned og fikk dradd mig på land tilsynelatende livløs. De ropte på min onkel [PERSON] som arbeidet på jordet i nærheten. Han kom springende og brukte munn mot munn metoden og jeg kom til bevissthet igjen. Om hendelsesforløpet har jeg ikke noen anelse.

Ellers forløp sommeren, lørdagskvellene med dans på låven eller ute på landeveien etter toner fra et to radet trekkspill Det var et tungt slag for oss da far døde i 1904 bare 67 år gammel. Jeg måtte da være hjemme og hjelpe mor med gårdsdriften. da min bror nr.2 kom hjem fra Amerika juletider og overtok etter mig reiste jeg utpå sommeren til Bergensbanen og var der til høsten 1905, kom da hjem og begyndte i pakkeriet i den store møllen på Holmen i Jøssingfjord som skiftarbeider med 12 timers arbeidsdag og 25 øre timen. Jeg var ugift og fikk gratis leilighet av selskapet og innrettet meg deretter. Arbeidet var anstrengende med en uke dag og en uke nattskift så det ble dårlig med matstellet, især den uken det var nattskift. Jeg tenkte så smått på å få meg en kone, men jentene jeg kjente var slikt anlagt at de helst ville ha moro og kanskje litt mere enn petting og den slaks sport innlot jeg meg ikke på for jeg hadde konsekvenser noe de fleste kvinne ikke har.

Årene gikk og jeg avenserte oppover i fabrikk og ble møllemester da fikk jeg 5 kr. dagen eller en kan si en fast lønn av 30 kroner uken. Dette var god betaling i betrakning av at utlærte håndværkere og fagarbeidere ikke hadde høyere lønn enn 40 øre timen etter 10 timers arbeidsdag. Nå var jeg økonomisk istand til å fø en kone. Påskedag traff jeg en kjekk dame som var komt hjem i

påskeferie. Henne fridde jeg til. Hun nølte med svaret og ga den begrunnelse at et ekteskap mellom oss kunne tas ille opp i min familie. Noen dager etter besøkte hun mig på arbeidstedet. Da ville hun gifte seg med meg. Jeg svarte at det var et forhastet frieri og hadde ombestemt mig. Vi skiltes som venner. Jeg hadde nemlig forhørt meg om henne at hun koresponderte med en gutt i Amerika og de var vistnok også forlovet for straks etter kom han hjem og ble gift med henne. De reiste tilbake til Amerika

Julen 1910 kom jeg tilbake til Jøssingfjord etter besøk hjemme hos mor. Jeg traff da en kvinne som hadde satt sig ned der som syerske. Hun var enke og hadde et barn som hendes foreldre hadde tatt sig av. Jeg spurte henne om hvorledes det gikk med arbeidet. Til dette sa hun at plassen var for liten til å leve på av det arbeidet hun fikk. Jeg sa da at jeg levde dårlig. Det blir bare med stomp smør og kaffe og ikke middagsmat tiere enn når jeg er hjemme hos mor. Vil du overta husstellet hos meg så skall du få fri kost, men ikke noen lønn. Du har jo ditt arbeide ved siden av. Hun var takksam for tilbudet og sådan ble det. Hun var en dyktig kokke og det var ikke så rart hun hadde vært kjøkkensjeff hos missjones prest [PERSON] i Stavanger. Jeg ble tifreds med [PERSON] som husholderske og den 19 mars 1911 ble vi gift. Brylluppsdagen forløp i all enkelthet. Vi tok over heien fra Jøssingfjord og hjem til mor. Dette er min kone, sa jeg, vi skall gifte oss idag. Mor ble ikke forskrekket. Hun sa bare "dette skulle jeg vist" så skulle jeg stelt til noe godt. Hun hadde selv noen år tidligere i denne stuen som vi nå befandt oss i blitt gift ved kongebrev som far hadde løst og som kostet ham 10 Rd. og 93 sk. For [PERSON] og meg ble vielsen en gratis affære på kontoret hos presten med hendes bror og en kameratt av mig som vitner, og så bar det tilbake den 4 km. lange geitestien over heien til Jøssingfjord samme dag. Med en takk og farvel til mor og mitt gamle hjem som fra nå av kommer mere på avstand. Jeg hadde startet mitt eget. Jøssingfjord var et bra arbeidsted med en god havn handelsvirksomhet og en tilfreds fiskerbefolkning. Elektrisk belysning 1902 fra egne industrielle kraftværk som også befolkningen fikk nytte av. Andre bedrifter kom til som stålsmelteri, bassert på eksperimentering ved ingeniørene [PERSON] og [PERSON] forløper til Stavanger Elektrostålværk på Jørpeland. Jeg sluttet ved møllebruket og var en tid ved stålværket, gikk så over i firmaet Norsk Elektrisk og Brown Boreri ved strekning og overføring av høispente kraftlinjer mellom Holmen - Hellenen i Jøssingfjord.

Reiste så til Jørpeland og var med på utbyggingen av stålværket. Derfra kom jeg til Stavanger og var der under første verdenskrig. Arbeidet først ved Teknisk Byrå og Stavanger ingeniørvæsin og litt ved Rosenberg. Kom derfra tilbake til Sokndal og Jøssingfjord der jeg ble med på kraftutbygging damanlegg tunnell og veiarbeide. Derfra til a/s Titania til Sandbekk gruber og fabrikkens opberedningsværk der jeg ble værende og sluttet ved oppnådd aldersgrense. Det ble mange flytninger i årenes løp ettersom det passet med arbeidstedet. I 1920 fikk jeg byggetomt på kommunens eiendom Bø og satte opp hus erhvervmet meg handelsborgerskap og tok til med forretning og kafevirksomhet som ble passet av min kone og datter. Som fastboende begyndte jeg å interessere mig for det kommunale uten å tilhøre noe parti satte jeg opp upolitiske kommunevalglistene og til nå har jeg 4 ganger fått ordføreren på mine lister som jeg selv har stått på og dette har medført at også jeg har fått mange ulønnende kommunale gjøremål å stelle med i årenes løp, trass i at min far hadde advart mig mot slike hverv, som han sa ruinerte en mann, ble jeg etterpå klok.

Sokndal kom tidlig med i ymse samfundsspørsmål. I 1838 ble den første misjonsforening stiftet og i 1890 var her ialt 13 foreninger som arbeidet for missjonen. I 1870 kom spørsmål opp om dannelse av Folkeværnforening og Bondevennforening. På almanamøte 29/8-1870 ble Bondevennforening stiftet og den 17 mai 1884 Sokndal herreds Venstreforening og da gikk Bondevennforeningen inn i venesteres forening. Den 17 mai 1893 ble det rene norske flagg sett for første gang i Sokndal Det var skolebestyrer [PERSON] ved Ladestedets skole som hadde samlet sammen endel ungdom og med dette flagget i spissen gikk de i togformasjon gjennom dalen til kirken og tilbake og sang nasjonale sanger. I 1866 kom telegraaffen til Ladestedet og 16 juni 1906

kom telefonen til [PERSON], og elektrisk lys og kraft fikk sentrumsbebyggelsen julen 1914. Den økonomiske ståa har skiftet sterk gjennom tidene den første industrielle virksomhet kom med engelskmenn i 1863 ved grubedriften i Blåfjell som varte til 1876 da hele anlegget plutselig stoppet og nedlagt ved deriktør og leder [PERSON] død og 150 mann ble ledige. Da måtte kommunen trø støttende til og fikk plassert mange hos bønderne til 40 øre dagen som var det halve av den normale lønn på den tid.

I og med den industrielle grubedrift i Blåfjell fikk vi den første doktor i bygden dr. [PERSON], Før han hadde vi kloke koner som kurerer folk og fe for allsiks sjukdommer. Den mest kjente bygdedokter var [PERSON]. Hun var født 21 november 1825 på en husmannsplass av samme navn. Skoleloven av 14 juli 1827 bestemte at minst en fast skole skulle et prestegjeld ha og den kom i 1830 i leidd skolelokal på Bø. Der gikk [PERSON] i skole for lærer og kirkesanger [PERSON]. Da presten [PERSON] var sogneprest for Sokndal kom Aasine i tjeneste der. Presten hadde godt lesistoff deriblant bøker som også omhandlet legekunsten. Disse fikk hun lese og vakte hennes interesse for sykdommer som således senere ble hennes livskall. Hun sluttet tjenesten i prestegården og flyttet tilbake til husmannstuen på Bø der hun siden ble boende. Da distriktslege dr. [PERSON] kom til Sokndal fikk hun av ham en "koppemaskin" med undervisning i dens bruk og behandling, og ellers gode råd. Hun stelte til medesinen av viltvoksende urter og markblomster. Den mest kjente medesinen hennes var et utkokk av den viltvoksende planten "Revebjelle" (*Digitalis Purpuræa*) for hjertelittende personer. [PERSON] ble en kjent skikkelse på sin vandring i bygdene. Hun tok aldri betaling for sitt arbeide men fikk rikelig for sine besøk i form av naturalin, så hun levde uten støtte av det offentlige. [PERSON] hadde like til det siste en god hukommelse og kunne fortelle fra sine barneår om den tids sykdomsbehandling og kvaksalveri noe som hun aldri benyttet sig av. Hun døde 1915 90 år gammel og savnet av mange.

Ved århundre skiftet, lå vi ennu innen jordbruket på det primitive stadiet - om en kan si det så - Den første slåmaskin kom 1901. andre jordbruksredskaper var så å si de samme som fra [PERSON] tid. Man tresket kornet med tust, som bestod av en tung stakk og stav med åleskind som feste og spaden var helst det redskap som nyttedes mest under vår og høst-arbeidet. I den tiden var arbeidsdagen lang på landsbygden omlag 14-16 timer daglig, og lønnen kunne variere ettersom arbeidet var, fra en til to kroner dagen med eller uten kost. Tjenestejentenes lønn før århundre-skiftet var omlag 20-25 kr. året 2 par sko, nødvendig tøy til klær som de sydde selv i fritiden. Sokndal herred med Ladestedet Stranden og Rekefjord hadde all forbindelse udadd sjøværts med god havn i Rekefjord som i 1898 fikk -Prestskjær fyr-

Den første landeveiforbindelse var Sokndal - Heskestad 1860 men den hadde liten betydning for samfersselen. Det ble bedre da veien Sokndal - Egersund ble åpnet i 1890. Den ble og er fremdeles den beste samfersel udadd. Skysskafferiet kom tidlig til bygden, utenom hestetransport med karjol og dertil hørende transportmidler forekom ikke før 1903, da jeg selv fikk min første sykkel og i flere år var alene om et slikt kjøretøy her i Sokndal. I 1917 ble Sokndal Bilselskap a/s stiftet med 2 8 seters Minervabiler og daglig ruteforbindelser med Egersund, som nå er utvidet med moderne busser og ruteforbindelse innen dalaherreder og Stavanger - Flekkefjord Når jeg ser tilbake på den tid av over 80 år jeg har levet så er utviklingen så fantastisk, især i de senere år på alle områder - også i skikk og bruk, nokså stor mellom våre barn og vår egen tid. Barna fikk gå etter de var ferdig med skolen den vei de selv ønsket. Piken interesserte seg for handel. Gutten for mekanisk arbeide.

# Minner fra Søyland i Gjesdal

Fortalt av ei jente som voks opp på denne garden, og som siden giftet seg med odelsbonden på nabobruket. Hun voks opp i trange kår, og fikk tidlig lære både arbeid og nøysomhet.

\*

Eg er fødd og oppvaksen i tronge kår, så eg fekk tidleg lære både arbeid og sparsemd, men eg hadde likevel ein gild og koseleg heim, som eg ikkje ville byta med nokon.

Farfar min var velståane, og ein drivam mann. Han var ein dugane gardbrukar, men då elste sonen skulle overta garden, viste det seg, at han ikkje passa til det, han skulle vore lærar, slik som mor hans ville, men farfar meinte, at han som var eldst skulle ha garden. Han vart godt tilsett med ganske liten gjeld, men det varde ikkje lenge før det gjekk den vegen som høna sparka, og garden måtte seljast.

Far min som var andre sonen, og hadde levelege vilkår frå før, han tykte ikkje det gjekk an at odelsgarden kom på framane hender, han kjøpte garden, endå så gjeldbunden den var. Det var store hus på garden, og då det ikkje var skulehus i grendi, så leigde me burt eine store stova til skulen, det var mun i den innkoma til renter og avdrag på gjelden.

Når me hadde skulen, så hadde med sjølvsagt læraren og, for han hadde lang veg til heimen sin. Mor sat ofte til langt på nott og stræva med seljevev, som ho skulle ha ferdig til marken, då sat gamle læraren og spolte til henne. Som ventane var, vart han svevnug i skuletimane, og når ungane las i kor, fall det så godt for han å sova, stogga dei for eit eller anna, så vakna han, men så snart dei var igang at med lesing, så sovna han att.

Eg har eit minne frå eg var 5 år, som står klårt for meg det var då vesle syster mi døydde. Ho var tvilling, den andre døydde medan ho vart fødd. Dei var fødd juledag 1886, og juledag året etter kunne ho gå, ho var så kry og strålande, og me var alle så glad i henne, men like etter jul, fekk ho ei forkjøling, og ein månad etter døydde ho. Det var ikkje så fælt for meg at ho døydde, for eg hadde høyrte, at når dei døydde mens dei var små, så kom dei i Himmelen, og det tykte eg måtte vera så godt for henne, men det verste for meg, var å sjå kor ho mor gret, då dei bar ut vogga.

Men neste jul hadde eg ei oppleving, eg vart beden til naboen på juletreffest. Eg hadde aldri vore med på slikt før, for me hadde aldri juletre heime i den tid, men mor hadde lært meg fleire julesongar før eg tok til på skulen. Eg var med og sang, ja eg trudde vist at det var eg som styrde songen, for dei var ikkje songara der i huset. Eg hadde ingen høveleg kjole, men fann meg vel nøgd med ein gamal sumarkjole, som mor hadde stroke.

Då eg tok til på *skulen*, hadde me ny lærar, han var snild og grei, og hadde halvt lova meg å ta til på skulen når eg var 6 år, men så ein dag eg stod i døri med boka, a.b.c. boka, oppslegen der eg var komen til, då sa han: "Gå inn med deg", det gløymer eg aldri, kanskje han var i dårleg humor. Men då eg for ålvår fekk taka til på skulen, lika eg det veldig godt, og læraren var snild og god, til jul gav han alle elevane eit julehefte, og det var stor stas i den tid.

Men så var det ein gong om vinteren, det var 2 av gutane og eg, me hadde laga ei god løype i ein veldig bratt bakke, me hadde slitne treskor, som var slette unna, og det gjekk så forrykane å renna (aka). Me kunne ikkje riva oss lause frå den moroa, då læraren ropa inn. Me var vel 10-11 ialt, og dei andre gjekk inn, men me 3 heldt på i løypa. Då det leid um, tok samvite til å virka og me kom på at det gjekk ikkje an, og slutta så av leiken. Då me kom opp mot husi, såg me læraren før ned bakkane på heimveg, det var skule 2 dagar i vika, og læraren budde i heimen sin. Då vart med vondt farne, for me viste, at me hadde fortent ei dugelige straff. Me tenkte berre på kor det ville gå, når han kom att neste gong. Men då gjekk det betre enn me hadde venta, Han sa berre med ein lun smil at idag lyt me ta att den timen me skulka unna sist. Då tykte me læraren var så gild, at me

skulle gjerne teke han om halsen.

Det var mor som lærde oss å lesa. Ho lærde oss kveldsbøn og bordbøn. Ho lo då ho fortalde om ein gong ho bad far om han ville læra [PERSON] eldste bror min å lesa. Jau han gjekk igang, men då han hadde halde på ein liten time sa han, at den tosken lærer aldri å lesa. Men [PERSON] var ikkje verre tosk enn at han vart reknelærer på folkehøgskulen som [PERSON] heldt på Sandnes i 1890 åra. På bilæte frå skulen set han ved sida av [PERSON].

I stova heime hadde me ikkje fine møble som no, ja eg våga ikkje å kalla det møble, men det var nyttige og brukane ting. Me hadde eit skåp frå døri på veggen der, det var vel 2 m. langt med 4 hyllor. Der hadde me 8-9 store mjølkekollor ståane, til fløyten skaut opp så dei kunne kinna den til smør, som var den likaste salgsvare me hadde. Det var rektignok eit gardin for det skåpet, men det var vel ikkje så heilt sanitært likevel, men mor fekk no ein fin sylvpokal i premi for smør.

Når fløyten var ferdig å skumma av, bytte dei med andre kollor. Den skummamjølki som ikkje trongs i hushalde, bruka dei til fatost. Den laga dei slik: når mjølki var sur vermde dei den opptil innmed kok, så silte dei den i ein striepose, og hengde den opp så møsa rann godt av. Då dravlen var turr knuste me den og hadde den i ei kolle, pakka den godt inn og sette den i ei seng, som var varm etter notti. Då kom det gjær i den. Seinare bruka me å setja den godt innpakka i fjoset, unna taket, over kyrne, der var god og jevn varme.

Så var det det andre i stova. I kråi burt frå det skåpet stod ei stor himmelseng, der far og mor låg, i andre kråi stod ein lang benk på lengst og ein på tvers. Ut frå dei stod eit langbord med ei skuffa i, der me la knivar og skeier, når me ikkje bruka dei. Ut frå den veggen hadde me eit skåp, der me hadde klær. Det var dør for, og nede var det ei skuffa der me hadde sokkane. Det var enno eit lite skåp på eine veggen med glasdøre for. Der hadde me bøkene og dei var nok ikkje så mange men me fekk no låne av og til. Av blad heldt me berre "Vestlandsposten" og "Børnetidende".

Eg skyna meg ingenting på politik, men eg hørde dei vaksne snakka om at far min var moderat, men farbror min var radikal. Då trudde eg at når det var far min som var moderat, så måtte sikkert det vera det rette, endå eg forsto ikkje kva det galdt. Det var far min som hadde laga dei tingene me hadde i stova, utan Himmelsengi, for den var eldgamal, ja veven som og stod inne det meste av vinteren var og gamal. Så hadde me ein slagbenk der eit par av dei mindste låg i, ja den aller mindste låg no i vogga til det kom eit nytt.

Det var skjeldan då me var unga, at me fekk kjøpte leikor, men til 6 årsdagen min, fekk eg eit lite fargeskrin av far min, og då vart eg storglad. Dei leikorne me hadde mest moro av, det var mange slags dyr som naboen var ein meister til å laga for ungane sine, dei fekk me og del i. Han vart no verfar min seinare. Når far min reiste på marken, kjøpte han alltid ei skjeppa med søteple, som han tømde på golvet, når han kom heim. Så skulle me velja kvar si gong, dei eldste først. Eg ville heller at det skulle vore andre vegen, for eg var med dei mindste, men det far hadde sagt måtte lydast. Me var 11 syskin, men berre 8 vart vaksne. Det var svært travlt for mor og far til me ungane vart til hjelp.

Når sauene skulle klyppest om sumaren, stod dei opp i 3-4 tidi og gjorde det av før dei stelte kyrne. Eg var ikkje meir enn 7 år, då eg var med og mjølka, men eg fekk no dei lettaste kyrne. Då eg var 10 år måtte eg gå på fjellet og raka heile sumaren så lenge slåtten varde, og det var 9-10 vikor. Eg gjekk for det meste berrføtt, og ofte låg eg om netterne og drøynde at det var orm i sengi, det var det verste eg viste. Om eg gjekk berrføtt i alslags uver, så vart eg aldri forkjøla. Me sat for det meste ute og åt, når det rigna så draup det i mjølkekoppene, og dei vart ikkje så snart tome, det var no ikkje så mykje regn då som det er no. Me raka høyet i kvirlar som me kalla det, og når det var høyver, raka me dei saman i dungar som karane leste på sleane og køyrde det inn i markaløene. Når det var fint ver, var det berre moro å arbeida i fjellet. For å nytta høyveret, dreiv me ofte på til langt ut over kvelden. Når me arbeide på dei høgste teigane, kunne me sjå båtane som gjekk att og fram på havet, og så ein herleg solnedgang. Når me hadde fått inn ein del høy, låg dei fleste av oss i løa om netterne, for det var så lang veg heim å gå. Det galdt for slåttarane å vera ute om morgonen medan det var dogg. Men far måtte gå heim for å slipa. Han hadde 20-30 ljåa, så det var lenge før



det arbeide var gjort.

Når me var ferdige i fjellet, var det alltid hast med å få skjera å trøskja kornet. Det fyrste eg hugsar bruka dei tust, seinare fekk me trøskjemaskin, men den var så tung, at dei måtte vera 2 om å dra han. Det galdt om å få på mylla så fort som råd, ein sekk havre til mjøl, og ein til gryn. Av mjølet baka mor fladtbrød. Me hadde alltid fladtbrød og mjølkesupa om morgoen. For å spara på smøret fekk me soll, men så fekk me 5-6 betar atåt med smør og myssmør på. Eg ser enno den vesle, brune skåli mi, som stod nedst på sida av langbordet. Av grynet fekk me graut um kvelden, me fekk litt sirupp på, for det var billigare en sukker. Det var så greitt når me slo det av ei flaska.

Om hausten når me hadde slakta, støypte me talgljos. Når mor hadde brætt talgi, og silt den, kalla me det som var att for skræe. Då blodkomlene frå dagen før var kalde, tok mor og skar dei i småbitar, vermde dei så ilag med skræene, og sette gryta på golvet, der alle me mindste sat med kvar sin gaffel og åt. Å kor det smaka. Me fær aldri slikt meir.

Saueinmaten hakka me til morrpølse, eg hugsar eldste bror min stod med øks og hakka inmaten i ein uthola hoggestabbe. Det kom vel ymse treflise av stabben men pølsa smaka like godt for det. Seinare fekk me kjøtkvern. Då eg var 14 år gjekk eg framhaldskulen. Det var 3 gutar og eg som hadde lag. Me kunne ikkje setja oss i ein bil eller buss som no, nei me gjekk ei halv mil kvar dag i 12 vikor. Det var no 3 vikor skiføre, og det kom vel med. Men det var ikkje rart skiutstyr me hadde. Eg hadde eit par heimelaga eikeski, det var ikkje stort reise på dei, og binningane var turka ålskinn som eg kunne stikka tåi inni. Stavarne var heimelaga bjørkelurka.

Ein morgon eg kom på skulen, dørgane våt, sette eg skorne mine i øvste romet i ovnen, og tenkte ikkje meir på dei. Då hadde læraren fyrst dugeleg, og då eg tok dei att, var solane som fladtbrød. Eg træga dei ikkje så mykje, for eg hadde ikkje fått dei nye til konformasjonen, så eg tykte eg hadde fortent nye. Om de vil tru meg eller ikkje, så kosta tøyet til konformasjonskjolen min kr.4.- og ei lue eg fekk kosta 80 øre. Det var syster mi som sydde kjolen, så den vart billeg, og det var godt, for eg vaks fort ifrå den.

Då eg var 15 år, reiste eg ut og tente, då kosta eg meg nye klær, endå eg hadde berre kr.80 for eit heilt år.

Det er greitt no for dei som skal få avstad slaktedy, berre å leida dei inn i ein lastebil og fara avgarde med dei. Ein gong gjekk far min frå Søyland til Stavanger med ein stut som skulle på slakthuse. Han leidde han heile vegen, det er vel 4 mil. Det var før mi tid, men far fortalde, at stuten var ikkje særleg blid, når dei møtte folk han ikkje kjende, og når han brølte som verst, gav far litt lang tamp, for han tykte det var moro når dei rymde for beiste.

Det var ei faster mi som fortalde om far, som var den mindste i ungfkokken, han saug mor si til han var 3 år. Når der var framane, skjemdest han, og sprang opp på lofte, der stod han og ropa: "mor kom og sett deg med patten". Det var hardbalne kara på Søyland, ein morbror til far min hadde ein son som hadde tandverk. Det galdt om å få ut denne tonni, men det var for dyrt å gå til tandlækjar, ikkje veit eg om han fans heller. Så tok far hans ein stempel og sette på tonni, banka så med ein hammar og tonni matte ut, men stakar den som åtte tonni.

Eg hugsar ikkje farfar min, han var vist litt utanom det vanlege på fleire vis, ein dugane gardbrukar. Hans motto var: "Me skal dyrkja jordi mens me leve". Dei fortalde om då han var ung og skulle fria. Han køyrde hevd på ein åker, og då måtte han fara gjennom gardsromet til naboen. I det same kom dotter til naboen ut frå fjøset, [PERSON] heitte ho. Han stogga hesten og prata litt, så seier han: "Eg har tenkt å få deg [PERSON] til kona, kva meiner no du?" Jau seier ho, det er ikkje noko i vegen for det, så var det gjort, han vasa ikkje vekk tidi, men han fekk ei god kona. Han var fyre si tid på fleire vis med arbeide. Då det ikkje var dynamitt i den tid, brukte han å grava unna steinane, så han fekk søkkja dei ned, men ofte med fare for livet. Ein gong dei drog han fram, sa han, at det var leidt at treskorne vart liggjane att.

Då dei skulle få postveg gjennom bygdi, vart dei pålagd å arbeida opp kvar sitt vegstykke alle bøndene. Ja farfar gjorde det på sitt vis, han pukka med stein, men då vegingeniøren kom seier han: "Nei [PERSON], det går nok ikke å lage vei på denne måten" : "Jaså sa farfar, det skal god forstand

til å bedøma eit halvgjort arbeid, og dreiv på vidare. Seinare viste det seg at det var beste vegstykke. Då farfar var gamal, ville mor ein gong vyrda han med ein kopp kaffi, som var sjeldan vare i den tid, då slo han kaffien opp i ei stor skål med saup, og drakk så opp det heile. Det var ikkje berre det, at far og mor arva ein stor gjeld, men like vondt var det med alle ulukkene dei var ute for. Verst var det då lynet drap 5 kyr, dei beste av alle. Så var det eit år, at våren kom så seint at dyri heldt på å svelta ihæl. Det var ikkje høy å få kjøpt, og ikkje kraftfor var det snakk om i den tid. Sauene var så arme, at det var få lam som levde opp.

Ein gong hadde det vore ubedne gjester i fjellet. Far leita fleire dagar etter 11-12 sauer og ikkje fann, men lenge etter, fann dei klavane i ein brunn dei reinska opp ein stad, som skal vera usagt. Mor hadde lite å gjera med, men ho var ikkje så snart rådlaus. Eingong lensmannen kom uventa, hadde ho verken finbrød eller kaffi i huset, men ho hadde nykinna smør. Så tok ho ein leiv flatbrød, det var me aldri lens for, ho smurde godt på den og sette så fram ei skål med saup. Ho bad då lensmannen til bords, han sette til livs alt, og skrøyte av at han kunne aldri fått noko betre.

Ein gong kom det ein stakkar som gav seg ut for å vera frå Værdalen, då det fæle raset hadde gått i 1893. Han sa han hadde mist kona og born, og alt han otte. Mor tykte så synd om han, og gav han mykje meir enn ho hadde råd til, seinare fekk me veta, at det var ein fant som før og tigga og drakk opp alt han fekk tak i, hadde aldri vore i Værdalen.

I julehelgi hadde me ikkje slik stas med alt som no. Siste søndag før jul kalla me svartesøndag. Då hadde me saueføter, det beste måltid i året. Når me hadde mylja, som me kalla det, så bløyte me flatbrød i krafti som føterne var kokt i, etter at feitte var skumma av, det hadde me i ei skål og alle duppa betane i same skåli. Det var no ein lov at ingen skulle duppa meir enn ein gong kvar bete, men det vart nok ikkje halde.

Juleefta hadde me saueribbe steikt på tein og risengraut. Etter at me hadde ete og far hadde lese juleevangelie, kosa me oss med litt fiken og eple, som far hadde kjøpt. Juledagsmorgon, fekk me kvar si julegeit, og lefse potetkaker og syrekaker, med ølost eller melk etter som me lika det.

Etter at bror min tok garden vart det betre med økonomien. Han var ordførar, og seinare lensmann. Det er mange herm etter han, både frå heradstyre, og særleg om alle basketak han hadde med tyskarane unna krigen.

Ein gong skulle han som lensmann fylla ut eit skjema der tyskarane ville veta kva slags politisk farge han hadde "Løyal Jøssing" skreiv han i den rubrikken. Ein gong hadde Nasistane fastsett møte, der Gjesdalbuane skulle få greie på kva dei hadde å retta seg etter når Tyskarane rådde. Når møtetidi var inne og talaren var på plass, var det komen ein tilhøyrar, det var ein tusling som dei ikkje rekna stort med. Då sa lensmannen, at talaren kunne berre ta til med møte, for Gjesdalbuane var alltid præsis til å møta fram. Det verste var, då ein Tysk oberst kom inn på kontoret til lensmannen og klaga på han for eit eller anna. Då tok han like godt å lempa han ut av kontore. Men etterpå skyna han kor gale dette var. Då berga han seg med å køyra snøggast råd til Stavanger og levera klage på Tyskaren til overkomandoen. Han kom fyre obersten, og då han kom med *sin* klage, vart den avvist, og han vart send på austfronten.

Ein ven av lensmannen, skreiv eit dikt til 70 årsdagen hans, der stod m.a. " Med silkesnor snørde du skrellinga [PERSON]".

Då eg var 21 år, gifta eg meg med odelsbonden på grannegarden. Me hadde ein gild og koseleg heim, men og motbør i livet. Verfar min var ein vitug og vel avbalansert mann. Han tok alt med ro, både det som var gildt og det som var leidt. Ein gong han fekk bod om at det var drukna 2 kyr i ein bekk nor i fjellet, då sa han ganske rolegt, at det var av dei små ulukkene. Han var 16 år med i komunestyre. Ein gong det var på tale om ungdomen skulle ha lov å dansa i skulestova sa han, at han ville stemma for at dei skulle ha lov, for han hadde ein som som *måtte* dansa, og fekk han ikkje dansa der, så reiste han langvegs, og det var mindre gildt.

Då han var gamal, og ikkje kunne vera med på utearbeid, laga han mæra, slike som me fanga ål i. Det var rikt ålefiske nor i fjellet, men no har dei ikkje tid til slikt, lettare å kjøpa når fiskebilen kjem.

[PERSON] var ei kraftig og arbeidsom kona. Ho bar ofte heim store lyngbøra, som ho reiv nor i marki. Ho gjekk i fjellet og raka, og då det var lang veg, nytta ho tidi med å strikka. Om vinterkveldane sat me med hjelp av ein 10 linjes parafinlampe og spann, sydde eller strikka. Den lampen måtte me ikkje skrue for høgt opp, for då øydde den for mykje olje. [PERSON] fortalde om då ho var ung kona her på Søyland, var det ein dag folket sat ved middagsbordet. Då kom der inn ein liten, nokså uanseleg mann. Han bar på eit lite grønt skrin, og då han kom innfor døri sette han ned skrine, og sette seg på det. Der sat han ganske tagal og lydde etter dei som sat ved bordet. Så var det ein som nemde hibnaleite (Himmelleite) då vakna mannen, og då fekk dei vita at det var Ivar Åsen dei hadde i stova.

[PERSON] var svært nøysam for sin eigen del, men kom det ein stakar og bad om ei gåve, gjekk han aldri tomhendt ifrå henne. Om sundagsmorgoen sat ho alltid og song salmer, ho kunne så mang tonar, også hadde ho fin sangrøyst.

Det var i 1917 at ulukkene tok til her hjå oss. Då brann huset vårt, som me netop hadde fått i god stand. Det var assurert for 6000, men då alt hadde stege så, kosta det 13000 å byggja opp at. Det var 2 smågjentor som leika seg med å stikka halmstrå inn i uleselig, dei skulle røykja sigaretta, slik dei hadde sett andre hadde gjort, endå det var ingen her i huset som gjorde det. [PERSON] var 5 år og [PERSON] 3 år. Det var ovanpå det gjekk for seg og ingen sansa det før det var for seint.

I 1927 fekk me eit kausjonstap på 13500, og det var mykje penga i den tid. Då vart eg så motlaus og nedfor. Det verste var at eldste sonen måtte reisa til Canada for å retta på økonomien. Då skreiv eg dette:

1. Ein bonde han stræva fra morgen til kveld

han veit så vel kor hardt det no gjeld,  
om han kan få sitja på odelsgrunn,  
kanskje – det vert berr ei lita stund.

2. Han kan ikkje tenkja ein tanke klår,  
for renter og avdrag i hovude står  
frå soli renn, til ho sig om kveld,  
han ser berre for seg ein ovstor gjeld.

3. Eg hadde no teke så mangt eit tak  
men aldri eg kjempa så hardt som den dag,  
då båten frå bryggja med son min før,  
då var det vel vondt å vera mor.

4. Eg tykte eg såg han på dekket sto,  
så still han var og tok alt med ro,  
men jupt inni hjarta, det brann som eld,  
for eg veit han sakna dei Norske fjell.

5. Eg fekk ikkje ro korkje nott eller dag,  
for eg viste det var ei ålvårsak,  
å senna guten så langt der vest,  
frå heimen kor alt til hans hjarta var fest.

6. Men nede på vegen der rikmannen renn,  
på lysttur i bilar så sannrøket stend,

langt opp over bøen, der bonden går,  
og slæpa for sine i småe kår.

7. Han tenkjer med seg, nei hev du sett slikt,  
det er kje for alle i livet likt,  
men att han seg bøygjer og krøkjer sin rygg,  
i ærligt arbeid eg kanskje er trygg.

8. Så fatar han mot, og kjenner seg stor,  
og dyrka vil han den Norske jord,  
han slit og han græv til han græv seg ned,  
og kviler i moldi, då fyrst fær han fred.

Me kom då over dette og, borni vaks til, dei var snilde og hjelpsame, alle gjorde sitt beste. Så skulle mor og far ha diamantbrudlaup. Då ville eg vyrda dei med eit lite dikt. Eg stod i kjellaren og baka lefsor, som eg skulle ha med til høgtida, då hadde eg eit papir og ein bliant ved sida, og skreiv ned etter som eg fekk noko i tankane. Far var lei av å feira så mange brudlaup, men mor viste ikkje noko gildare enn å ha mange om seg. Dei sa båe at det var rørane når alle 8 borni mine kom inn på høgtidsdagen, og ynskja dei tillukka med dagen. Det var masse folk samla, for bror min ville så gjerne vyrda dei som hadde gjort så mykje for han. Middagen var rjomegraut med fladtbrød og spekekjøtt. Dikte vart lese ved middagen. Til kaffien var det lefse, potetkake og heimbakt julebrød.

Så gjekk åri og alt var godt og vel, men så i 1938 hendte det som var mykje verre en alt det andre. Me miste ein son 21 år gamal. Men då var det ikkje anna å seia en "Herren gav Herren tok, Herrens namn vere lova". No er alle døtrene mine gifte og flytte frå heimen. Eldste sonen er flymekanikar på Sola, han er ugift men har sin eigen fine heim og hage på Lura ved Sandnes. Andre sonen har garden her. Eg er enke og set her som karkjerring. Yngste sonen har garden etter bror min, barneheimen min.

## Minner fra Ålgård i Gjesdal

Fortalt av en som bodde i ytterst trange kår på stedet hvor faren arbeidet ved tekstilfabrikken der. De kom fra en husmannsplass under gården Ravndal.

Fikk selv arbeid ved fabrikken og ble der i all sin arbeidstid.

\*

Jeg er fødd på husmannsplassen "Moen" under gården Ravndal i Gjesdal. Jeg kan ikke minnes noe fra den tid far var husmann. I 1896 flytta vi til Ålgård, da far fikk arbeid ved tekstilfabrikken der. Han hadde da allerede arbeidet der ein tid, og hadde da hatt en hard tid, i det han gikk fram og tilbake morgen og kveld, 22 km. og hadde 12 timer arbeidsdag. Men så fikk han ved hjelp fra andre, bygd seg ett lite hus, og da ble det adskillig lettere for ham. Selve flyttinga minnes jeg ikke. Det eneste som har bitt seg fast var da jeg fikk være med far da han skulde hente noen bærtrær vi hadde hatt på husmannsplassen. Det var ikke kjørevei helt fram, og vi måtte kjøre over ei

elv. Jeg var iallfald dødelig redd der jeg satt oppe på lasset. Kanskje det var den reddselen som gjorde at det har bitt seg fast i minnet. Jeg har ennå noen av disse trær i min hage.

Huset vi fikk var lite 8m x 6 med 1 1/2 etasje. I første etasje var det 2 små stuer, 1 lite kammer og kjøken. I annen etasje 1 liten sal og 3 små kammer (skrå). I ett av disse måtte de største barna sove, og det var så lavt under taket der sengene stod, at en kunne nesten ikke snu seg uten å slå hodet i taket. Boligstandarden var ikke høy i den tid. Til tross for at vi var heime 4-5 søsken leidde vi bort husrum til andre. Men så ble også dagligstua benyttet både som oppholdsrum, spiserum og soverum. Men for far og mor og de eldre søsken som mintes hvordan de hadde hatt det før, fortonet dette seg for dem som det rene Paradis.

Ved siden hadde vi ett nokså stort uthus. Brennselet vi brukte var torv og ved. Dette krevde nokså stor plass. Dessuten var far interesert i husdyr, så han hadde noen sauer og tildels også ei ku. Jeg var også glad i sauer, og jeg fikk lov å kalle en for "min". Glemmer aldri en dag noen menn kom å skulde ta ut pant for skyldig skatt, at min sau ble uttatt. Jeg satte i å gråte og sa at de ikke fikk ta min sau. En av mennene trøstet meg, og enden ble at hverken min eller de andre sauene ble tatt. Far fikk nok ordnet med betalingen av skatten.

Utkommet for det daglige brød hadde vært kummerlige på husmannsplassen. Det ble en del bedre nå. Men så mange munner å mette, og så mange kropper å holde med klær og sko, så ble det mange ganger ikke så rart. Minnes engang jeg skulde gå ærind for mor, og hadde ikke andre sko enn ett par som var hullet både over og under. Det var snøslaps og regn så jeg ble gjennomvåt i beina. En mann så dette og fikk medynk med meg. Han kom og tok meg med inn i skotøyforretning og kjøpte ett par nye støvler til meg. Dette er ett minne som sitter, og denne mann har alltid stått for meg som ett ideal, til tross for at han seinere kom ut på skråplan, og ble forbryter. Han er død nå, og fred være med minne hans.

Minnes også godt en gang vi skulde i bryllupp. En av mine eldste brør skulde gifte seg. Vi barn gledet oss veldig til dette. Men jeg ble svært skuffet. En bror og meg måtte bruke en lue i sammen, og den som måtte være heime var jeg, da jeg var yngst, og i de dager gikk det ikke an å gå barhodet.

Vekeslønna lå på ca. 12.- kr. i den tid, så det ble ikke rart med maten heller. Jeg minnes at vi av og til fikk kjøttkaker til søndagsmiddag. Vi barn fikk aldri mer enn 1 kjøttkake hver. Vilde vi ete mer måtte vi ete poteter og saus. Mor var flink til å bake poteteskake og syrekaker. Det ble noe ensidig i lengden, så det smakte når vi av og til fikk ett kjøpebrød. Til kvelds var det "vassgraut", gjerne av byggmjøl og den var da nesten svart. Fikk vi av og til noe sirup å ha på, var det nesten herrekost.

Da vi var så mange søsken, og jeg nr.10 i rekken er det klart at alle ikke var heime i min barndom. Jeg minnes de 3 brødre som var foran meg måtte da de var i 12-13 årsalderen ut på gard. Min eldste bror forpaktet i den tid ett gardsbruk, og han hadde bruk for dem den tid de ikke var i skolen. Å ta heimefra likte de ikke, og det var mange gange en hard strid for å få dem til å dra. Ja, engang måtte det pryl til. Dette syntes jeg var vondt, så jeg hadde alltid medynk med brødrene som måtte dra heimefra. Selv slapp jeg dette, da jeg er invalid. Kom nemlig til verden med bare 1 arm, den venstre. Har kanskje ikke noen interesse å nevne dette her, men det bjerget meg iallfald for å måtte dra heimefra. Nå, forholdene bedret seg etterhvert, så jeg må si at jeg tross alt har hatt det bedre enn mine eldre søsken. Det som for meg står fast i minnet er alt det mor og far strevet for å gjøre alt så godt for oss som mulig under de da rådende små forhold.

Vi var alltid en 4-5 søsken heime. Om kvelden måtte vi være inne, da spesielt i mørketida. Vi drev da på med forskjellig tidsfordriv. De eldre som mintes plassen vi var flytte i fra holdt på å lage skisser fra grenden der, enten på papir - eller de fikk låne fyrstikker og laget veier, bygninger m.v. Eller mor sang og fortalte fra bibilen, og gjerne halde en bønnestund. Men når jeg tenker på den måten som ble benyttet, nemlig å skremme med dommedag og vondemannen, og evig

fortapelse hvis vi gjorde oss skyldig i den og den synd, kunde resultere i jeg ofte om kveldene ikke kunde få falde i søvn av frykt for å gjort noe som gjorde meg moden til dette.- Var jeg så uheldig å plystre så mor hørte det sa hun at jeg ropte på "vondemannen." Kortspill var helt forbudt. Hadde engang en gammel kortstokk i lommen. Mor fant den, og den havnet i ovnen, og jeg fikk ris på kjøpet. Følgen av slike forbud ble at vi lurte oss til å spille kort i uthuser og kjellere, hvor vi ofte frøs og led vondt.

Hver årstid hadde sine spesielle leker. Å ta på "kapperten" var mye brukt. Bommen og gjømmen var en gild lek. Om sommeren badet vi så og si hele dagen. Det var under badningen jeg først merket at jeg var handicapet på gunn av armen. Å lære å svømme stod for meg som noe av det største jeg kunde oppnå. Alle sa at det måtte jeg bare gi opp med. Imidlertid ga jeg meg ikke, og da jeg kunde vise mine kamerater at jeg kunde svømme, steg jeg i deres øine, og ikke minst i mine egne. Jeg fikk da erfare hvor godt det er for en som er invalid kan hevde seg tilliks med andre.

Om vinteren var det helst aking og skøyter. Ski var det lite av i den tid. Derimot hadde vi snøskøyter, og det var gildt. Skøytesporten stod høyt. Isen på Edlandsvannet kunde være sikker i lang tid. Det ble til og med arrangert premierenn.

Seinere i livet har jeg alltid gjort hvad jeg har kunnet for å hevde meg i lek, sport og arbeid, og har hatt gleden av at om jeg ikke er bedre enn de andre, så er jeg noenlunde like god.

Ålgård var ikke stort da vi flytta dit. Så vidt jeg minnes så var det rundt om 40 hus utenom fabrikkbygningene. Nå er der 669. Fabriken hadde ett stort internat hvor alle ugifte arbeidere bodde. Her var også en stor spisestue. I dette bygget bodde også driftsbestyreren. Ålgård ligger 13 km. fra Sandnes. Alt som skulde til fabriken, råstoff, brennsel o.a., og alt som skulde fra varer o.l., måtte transpotes med hest. I Sandnes var både jernbane og skibsanløp. Det ble således en lang landeveistransport. Det var mye fabriken hadde bruk for. Især bruktes mye kull. Transporten av dette ble helst besørget av noen transportforretninger i Sandnes. Hvert firma brukte 4-5 hester. Det var bare en kjørekar fra hvert firma. Han kjørte første hest, og de øvrige var bundet fast til den forangående kjerre. Jeg minnes det så ut som en liten karavane, når 14-15 hester kom etter hverandre. Kjørekarene var like så svarte som kullet.

På lørdagene kunde det hende at noen av arbeiderne skulde ta seg en tur til Sandnes, og da fikk de sitte på i en av disse kjerrene. Noen behagelig skyss ble det nok ikke. Klærne ble skitnet ut, og ristet gjorde det nok i kjerren, uten fjærer og med jernbeslag på hjula. For skyssen måtte betales 25 øre. Fabriken hadde også egne hester til transport av ferdige varer og til råstoff. En mann som vi bare kaldte [PERSON] kjørte daglig med ett dobbelspann Sandnes-Ålgård. Da det i den tid ikke var så alsidige forretninger her hendte det titt og ofte at Dave ble bett om å kjøpe ett eller annet i Sandnes. Han var alltid villig, og roste seg av at han minntes alt uten å trenge notere noe, om det var aldri så mange ærender han hadde. Så skulde han kjøpe noe krutt til en dag og glemte det. Da vedkommende kom og skulde hente kruttet berget [PERSON] seg med å si: "Det var så lite krud på Sandnes i dag at det var ei gru."

Jeg tok til gå skolen i 1909. Var helst litt ung, men det viste seg at jeg kom så noenlunde fra det. Skoleveien var kort. Fabriken drev nemlig skolen som bruksskole. Det var bare barn til foreldre som arbeidet ved fabriken som fikk gå der. Vi gikk 3 t. hver dag, og skolen lå på ett høgt nivå. Da jeg begynte var den 3-delt, men barneantallet økte, så den ble utvidet til slutt helt til 7-delt. Jeg gikk for frøken de første 2 år, Senere gikk jeg for skolestyrer [PERSON]. Det var en veldig interessert lærer, og han drev dem som hadde evner og vilje svært langt. Dette kan jeg selv bevitne, Jeg gikk seinere på ungdomskole og handelskole. Da så jeg at jeg f. eks i rekning var komt omtrent så langt i barneskolen, som jeg kom der. Nå var nå rekning mitt yndlingsfag, så det forklarer nok en del.

[PERSON] var en meget temperamentfull herre. Han vilde ha orden i klassen, og forlangte disiplin og nøyaktighet. Det var ikke alltid så greit å kunne tilfredsstill ham. Værst var det holde seg fra å le når han fikk en sint rid. Han fikk da ett rasende men samtidig komisk uttrykk i ansiktet, samtidig som vi syntes at håret reiste seg på hodet hans. Så var det å ta seg av synderen. Det ble

enten på gangen, i skammekroken eller bak katederet. Flere gange hendte det at over halve klassen ble plassert på de forskjellige steder. Han var nemlig så komisk at det var umulig å holde seg alvorlig. Tross alt minnes jeg ham med respekt, og gledet meg alltid å få en samtale med ham når jeg seinere i livet kom i berøring med ham.

Det tristeste minne jeg har fra skolen er da jeg begynte og seinere også ikke fikk noen rettledning i skrivning. Det var for de jeg hadde bare venstre hånd, og jeg fikk det inntrykk at lærerne her ikke vilde rettlede meg, men at jeg skulde finne fram til den beste metoden selv.

I 1907 var det siste skoleår. Jeg hadde gjort rekning med å gå ett år til, men [PERSON] sa at jeg hadde nådd skolens mål, og ga meg avgangsvitnesbyrd. Det ble ikke holdt eksamensfest i den tid. Jeg fikk stå konfirmant samme år. Gjesdal kirke lå ca 6 km fra Ålgård, så det var ett helt stykke å gå under konfirmasjonsforberedelsen. Noe befordringsmidler var det ikke, men var det fint vær, var det bare moro. Selve konfirmasjonen var enkel. Ingen feiring i kirken, og lite eller ingen i heimene.

Jeg begynte å arbeide ved fabriken i oktober måned samme år, og har - med unntagelse av 2 vintre arbeid der helt til 8. mai 1964. Arbeidstiden var 60 t. til veke. Det var ikke så mye fritid vi da hadde, Men venner hadde jeg, og vi drev å gikk turer om kveldene. Sport drev vi også etter som det passet til årstidene. Ved fabriken var det vel en ca. 250 arbeidere, og det var mye ungdom av begge kjønn. Jentene bodde i fabriken internat, så guttene måtte gå dit når de vilde ha tak i jenter. For å komme inn i internatet måtte en gå gjennom en stor port. Nå var reglementet at porten ble stengt kl. 11 om kvelden. Som følge av dette hendte det av og til at noen overtrådte dette, og skulde lure seg ut og inn på andre måter. Da bestyreren var svært vaksom her, og i mange tilfeller ble det oppdaget, gikk det tildels så langt at vedkommende som var uheldig mista jobben.

Ikke hadde jentene lov til å ha med gutter på rummet heller, og der opstod mange situasjoner som resulterte i at en mista jobben. Disse strenge bestemmelser ble selvfølgelig lempet på senere. Det var i dette internat de fleste fant sin tilkommende. Noen spesielt nattefriing og andre gamle skikker kan jeg ikke minnes. Stort sett tror jeg ikke at ungdommens framferd ga grunn til bekymring fra foreldrenes side.

Fabriken førte opp en etter forholdene stor turnhall. Foruten turnerne brukte en I.O.G.T losje lokalet. Her ble det også at ungdommen fikk danse. Det ble arrangert dansefester av og til, dessuten var det dans av og til på søndagskvelder fra kl. 8-10. Det var helst trekkspillmusikk som ble brukt. På disse fester og danser forekom det alltid en del fyll, og endel slagsmål fulgte også med. Det var spesielt fyllet og slagsmålene som var foreldrenes største sorg med hensyn til ungdommensandel.

Foreldrene la seg sjelden ut i valget av ektefeller - uten at det var noen spesielle tilfeller, uten om det vanlige. Her er 2 forsamlings lokaler. Ett er indremisjonens, det andre baptistene. Til sine tider har det vært store vekkelse, og da strømmer det mye folk til møtene. En kan si at der innarbeidet gode kristelige forhold. I 1912 ble det bygd ett Folkets hus, som nyttes av arbeiderne til møter. Dessuten er der kinoforestillinger 1 dag i veke.

Under oppveksten var som tidligere nevnt de økonomiske kår ikke gode for folk flest. Lang arbeidstid og liten lønn. Noen sociale goder fantes ikke. Imidlertid kom her nokså tidlig en kommunal pleieheim, så noen legdefolk og lignende kan jeg ikke minnes. Selvfølgelig var det en del på fattigkassen som det da het. Men di bodde gjerne for seg sjøl "og fikk noen få kroner å leve av."

Jeg minnes 1905, og det var det første politiske problem jeg fattet. Glad var jeg da det ordnet seg med unionsoppløsning uten krig. Senere da det skulde være folkeavstemning om kongedømme eller republikk minnes jeg mange diskusjoner om det. Minnes godt at min eldste bror vilde ha republikk, mens far var for kongedømme. I 1908 ble det dannet fagforening ved fabriken. Denne ble ikke tålt av ledelsen, og foreningens formann ble avskjediget, og foreningen døde ut. Senere ble det gjort forsøk i 1916. Denne ble stående til 1921. I 1945 ble så den nåværende stiftet, og den ser stabil ut. Omtrent samtlige arbeidere er organisert.

Fabriken har gjennomgått en veldig rasjonalisering i den seinere tid. Gamle maskiner

utskiftes og produksjonen øker enormt - uten at arbeidstakernes antall øker - tvert i mot. Det var lenge før det ble noe felles vannverk her. Folk fikk gjerne gravd seg en brønn i nærheten av heimen, eller de måtte gå nokså langt å hente vann. Seinere slo huseierne seg sammen og bygde ut noen små vannkummer. Men dette ble lite tilfredsstillende, og da Ålgård ble egen brann og byggekommune var dette ett av de første oppgaver som måtte løses. Der ble også da ordnet kloakk. I 1910 åra ble det kommunal telefon. Denne er nå overtatt av telegrafverket. En privatmann bygde ut ett lite elektrisitetsverk såpass stort at hele Ålgård fikk nokk til lys. Endel fikk også til koking. Seinere har Gjesdal kommune overtatt elektrisitetsforsyningen, og rår over så mye strøm, at alle kan bruke så mye de har behov for. Kommunikasjonene er svært gode. I 1925 fikk vi egen jernbane fra Sandnes. Denne er imidlertid så godt som nedlagt, i det der går kun ett godstog til dagen. Imidlertid er det god bussforbindelse, i det bussene har flere daglige ruter til og fra Stavanger.

Jeg giftet meg 29. januar 1916. Min kone kom fra Vikedal, og tok seg arbeid her, og henne falt jeg for, og hun for meg. Vi var begge av almindelige foreldre, så noen medgift ble det ikke for noen av oss. Hun sydde seg opp endel utstyr i fritida. Av møbler kjøpte jeg en seng med madrass. Resten av møblementet var det lille konen hadde på hybelen, og der bodde vi den første tid. Senere leiet vi leilighet i en fabrikkbolig. I 1932 bygde vi eget hus. I den tid var det billig å bygge. Fikk huset opp for kr. 7000.- Jeg måtte låne alt, så jeg var redd for at jeg ikke kom til å bli gjeldfri i min tid. Imidlertid har det gått bra, så det er mange år nå siden jeg ble gjeldfri. Vi har 6 barn. De 5 er gifte og har tilsammen 18 barn. Noen av disse er også gifte og har barn, så vi har i alt 8 oldebarn. Vi har gjort hvad gjøres kunne for at vore barn skulde ha det godt. Det har de også hatt - unntatt mellomkrigsåra. Da var her dårlig med arbeid. Måtte arbeide på innskrenket tid, så det var smått med utkomme da. Ellers må jeg si at vore barn har vokst opp under bedre forhold enn jeg, og ungdomstida er også bedre på muligheter. Det verste synes jeg er at jeg ikke økonomisk var i stand til å yte dem hjelp til bedre utdanning.

## Minner fra Heskestad i Lund

Fortalt av en jente som voks opp i en heim med krambu, og et lite jordstykke som hørte til.

\*

Eg er født i Heskestad sokn i Dalane-no Rogaland fylke 1878 og store er dei omskifte i heim og yrkje og på alle felt, sidan eg var ung. Foreldri mine byrja som nygifte ein landhandel 1877 på garden Heskestad -kalla Rotten- i nærheten av den gamle Heskestad kyrkji, der var og eit jordstykke til, so dei hadde ein hest, 2 kjøyr (Gullrei og Roselina). Heimahuset hadde desse rom: Krambui, Stova m. kammers og kjøkken i nere høgdi med ein sal og loft ovenpå. Seinare laga dei til bakeri i kjellaren.

Uthusa var Løa, låve og ein stall med eit "Do". Låven vart og nytta til lager av Sildetønner, Brislingt, Parafin, Salt, tomkasser o.s.v. Ein dag i vika kjørte far min til Egersund, som var næraste byen 3 1/2 mil med varer som han hadde kjøpt (bytta) til seg på krambua si for å selja dei og kjøpa varer att. Pengar hadde folk sjeldan å kjøpa for; men ymse slag varer kom dei dragande med, t.d. Smør, fatost, sokkar, halvsokkar, trøier, tresko, skind, årflugl, ruper, starer, harer etc. og masse ville



bær på hausten. Som regel fekk dei att: Rugmjøl, turrfisk, brisling, sild, ubrendt kaffibauner, skråtobakk og kritpiper, og lidt sukker, helst kandis. Av bakverk byrja sume å kjøpa seg litt når det leid mot høgtidene: Eit fint brød, vørterkake, vannkringle, kransar og jødekake, somykje huslyden fikk smaka av kjøpemate. Det var eit hart slit for den gilde Dølemerra heime, å dras den lange leid dei tunge lassa på dei dårlege vegar med djupehjulgroper og smale hjul på kjerra. Far sjølv leid ofte vondt på byreisene og somti fekk han "naglabit" i hendene sine.

Me vart ettekvart 11 syskin, korav ei lita syster døyde 1 1/2 år gamal. Me andre 10 liver enno alle og hev hatt god helsa. Og gilde minne hev me frå barndomsheimen der me vaks opp. Kvar sundag f.m. når det ikkje var preik i kyrkja var det sed og skikk kringom på gardane att heile huslyden var samla i stova til husandakt, kor enten far eller mor las høgt av enten Luthers, Linderoths eller Rasimus huspostiler. Då var det stilhet i stova og det anda liksom av fred og djup respekt for det heilage--- Me vart og opplærde strengt til ikkje å gjera noke arbeid på sundagar, helst skulle maten lagast om laurdagen før, likeeins skaane vera smurte o.s.v. Folk gjekk jamt yver til kyrkja. Heskestad var då Aneks til Lund,- no gått ihop til ein komune - annekvar sundag var der då og enno, preik av sognepresten, han heite no [PERSON]. Etter preika stopte folkje og skulle høira på kungjeringar som lensmannen las opp frå kyrkjebakkjen t.d. auksjonar, utpantning, anbud på brøiting, vegstel o.l.

For fattigfolk og sjuke var det små og harde kår kring 1885-90 åra hugsa eg fleire, som måtte fara rundt på lægd; frå den eine til den andre noko var di i mange eller få dagar, utrekna etter kor mykje dei betala i skatt; som de skulle vera hjå. *Då* var det berre ein ogn i heile huset - inne der familien var, og der måtte også legdamannen ligja i ognskrobekken som var varmt. Men etter Kwart ble det slutt med det og istaen fikk dei nokre få pengar for vika so dei kunne kjøpe lidt for, å få bu heima, sjøl om det var i ei rønna.

Ellers livde folkje i bygdi vor kvar på sin gard. Ungdomen var lengje heima og hjelpte til med arbeidet, og lite vart kjøpt utanom det dei avla sjøl og laga sjøl. Kornet vart mala til mjøl i dei små kvernhusa i bekjen, der som allslags troll og fossegrimar budde, som gamle [PERSON] så titt fortalte om til oss ungar i skumringa fyrr parafinlampa vart tennt på, om kvellane. Mjølet vart baka til flattbrød i minst 14 dagar om hausten og lagra i store "Skru" og set i rekjer på varmeloftet. Havre og bygmelet vart også bruka til graut som vart bruka til kvels med surmjolk til. Margarin var ikkje då i handelen, so folk bruka sitt eige smør og mjølk.

Slaktinga var og um hausten, lite ferskt kjøt bruka dei då. Det vart lagt i "lagje" ei tid og so hengt upp i lemar til turk og spøgjing. Rullepølsane vart og turka og all innmaten av slagtedyra vart rensa og laga til morpølsa, so unner heile lemnen i kjøkkenet hekk der mengder av morpølse til turk utover halve vinteren. Slik livde folkje til dagleg og var nøigde med det. Også "Aure" fiska dei både med stong og Stegle.

So kom den dag då eg som var elst skulle byrja på folkeskulen eg var då 7 år. Heima hadde dei lært meg å stava, lesa lidt og rekna til 100. Me var mange i selskap til skulen ifra den store garden, so gjorde det ikkje noko om det var langt å gå. Me kom alle på skulen i tresko, sat på sokkane inne i skulestova, tidt både våte og kalde; men i frikvartere leika me os varme att, me slo ball, Jeppa, prega Suggo, slo på ringen m.m. Fyrste dagen sto eg berre å såg på dei andre. Læraren var snild med meg. Eg hadde sett han fyrr når han sto å song i kjørkja når det var preik. Han heite [PERSON],- far hans var den kjende bonde [PERSON], tingmann, frå Dalane, Stavanger amt; men han var død då- Me "pugga" alltid leksene me hadde til yvehøyring både Katteskismen, Pontopidans Forklaring og Bibelhistori og Salmevers. Dei av skulebarni som var flinke kunde alltid leksene sine, men dei tunglærde fekk som straff leksene sine igjen, uppatt til neste gang. Læraren var so flink å syngja, klokker var han og, og slik ei fin håndskrift han hadde Ser for meg når han skreiv opp på den stora veggtafva med kridt med si støe hand, eller opskrifter i skriveboki mi, Kor fint det var.

Han lærde oss og, å klæ oss rett og herda kroppen vor. Sjølv stod han om morgenen vinters dag å vaska seg i i den kalde bekjen som rann utanfor skulestova der hann budde. Der var berre tvo klassar i skulen, so me gjekk berre annekvar dag. Eg gjekk for han til eg var 15 år, då skulle eg

inskrivast for presten til å "gå å lesa".

Unner opveksteren min dreiv me ungar på med fleire slags heimesport t.d. ski, skjeise og kjelkerenning om vinteren. Me sto på ski neryver lange bratte bakker og ufsar utan korkje skistav eller bindingar berre med foten inn i ei vidja i *Skiene*. Når me var på kjelkerenning var det mykje om å gjere kvinn sin kjelkje som var hålast og gjekk lengst fram. Far kjøpte "Skruesjeiser" til oss ungar, so me fekk tidlig læra oss å renna, vår Heskestadvatnet hadde lagt seg med blank stål på, då var det vel folkesamt utyver vatnet, helst ungdom. Sterk og fin kunne isen ligja heile vinteren

Um sumaren plaska og vassa me ute i bekjer og hølar og gutane lærde seg å symja med store "flæ" i eit band kringom seg til å halda seg oppe. So gjekk me på *berpilling* i lidar og heiar. Blåber selde me for 0,03 øre literen og tytebær for 0,08- til 0,09. Når det vart eit lite hestlass med bær, vart dei kjørde til Egersund å selde der. Folk bruka lite av ville bær før, lite til saft og helst ikkje syltetøi.

Når det lakka mot *jul* hugsa eg fyrste julatreet me skulle få, men mange av naboene tykte det var synd og kalla det avgudsfest. Men me fekk no ha eit likavel, det var eit beint fint grantre som vart sett inn i stova på julafta. Foreldre pynta det så med mange gode etanes ting, som me seinare fekk smaka og dela når helgi var yver, Fyrst vart det hengt på Apelsiner, raude amerikanske eplar innmed stamma, figen, druer, kransar, menn og kone, små ljøs og øvst i toppen den blanke stjerne. Me hadde då alle dei beste klæi på når treet var pynta og kyrkjeklokkane ringde julen inn kl. 6 om kvellen. Kveldsmaten var Ribbesteg med risgrøt og far las juleevangeliet om frelserens fødsel og den herskare av englar som jubla og song yver Betleheimsmarkjene. Det var helg og høgtid og me gjekk kring treet heile huslyden og song dei herlige julasongar heilt til kl. 12. Då hørde me kor dei skaut kringom i grendi.

Annendag skulle alle i kyrkja og dei kom køyrande i sine sleder eller karmsleer, med ringlande dombjeller på hestesælen, og sjølv i raude sjerf om seg.

Um vintrekvellane var det sjikk at me satt i skumringa fyrr lampa var tent, å slappa av og fortalte sogar og eventyr. Naboerne samla seg ofte då og kvar hadde sitt å fortelja Seinare på kvellen sat kvar med sit arbeid. Karding og spinning av garn, spøting, smiing og mandfolka las avisa Det var Vestlandsposten, Dalanes Tidinde, Barnetidende, Kristiansands Stift Tidende Andagtsbøkerne vart helst lesne om sundagane.

So tok det til med anleggsarbeide 1896-1905 av Egersund Flekkefjord banen. Det vart meir rørsle og pengar å sjå blandt folk; men stort set vart det lite vinning og mykje tap for handelsmenn og bønder, som sette ut på kredit til omreisande framande arbeidsfolk, lite tjente de på akordane sine og lite betalte de for seg. - Det er vel ein ting som er mest sjilnad på, det er arbeidslønningarne sidan århundrede skifte av alle slags arbeid og i alle brangsjer. Ein arbeidskar til grøftegraving, optak e.l. hadde kosten og ca. 1,50 for dagen Kvinfolkarbeid (vask, raking, flatbrødbaking etc.) fra 0,80 - kr. 1,00 for 10-12 timers arbeidsdag. Ein unneroffecer eller ein lærar med "Seminari" vart det berre ca. 500,00 for året i løn.

Nokre lærekursar var det ikkje for ungdommen i bygdane utanom den ambulerande Amtskule eit vinterkurs i kvar bygd i Dalane. Kurset var delt i to, 3 månar for gutane og tri for gjentene. Der var noen som hadde råd til å få den skulen; men mesteparten fikk berre gå folkeskulen. Mange unge gutar reiste til Amerika og jamvel heile huslyder fôr avstad for godt, for å finna seg ein betre leveveg deryver havet. Dei hadde slyldfolk eller grannar som hadde reist derover før og som sende dei billetter til å koma etter.

Då [PERSON] i året 1900 starta den kjende Folkehøgskulen på Jæren byrja det liksom å blåsa eit nytt åndsvær utyver bygdane ungdommen søgte til skulen hans og han hadde mykje å gi dei av kundskap, idealer og mål. Skulen var og til opplæring av praktiske fag, både for jenter og gutar. t.d. saum og prydsaum av budnader, veving, linsaum og matlaging, treskjering og smedjing for gutane.

I 1904 gifte eg meg. Mannen min holdt på med ein torvstrøfabrik. Hann pressa myrtoiv til ballar, torvstrøet bruka dei til strøing i fjøs og stall og hønsehus og var enestående sanitært, men myrane vart ettekvart utskorne og han kjøpte ein Heigard i heimbygde og gjekk igang med gjeiter

og ysting av gjeitost. Det var som ein stor Sæter med fjell, liar og vatn, bakkar og berg. Det var eit intresant arbeid men fuldt opp å gjera, sjølv om me hadde endel leiefolk til hjelp av mjølking, av ca. 100 gjeiter og nokre kuer, ysting og transport av osten til stationen, m.m.

Fyrr fyrste verdskrig var melkeprisen liten frå 0,08-0,10 øre litaren betala dei på det lilla meieriet ner i dalen. Men når ho vart ysta so vart det 0,25 øre litaren netto me fekk for ho, sjølv om osteprisen då var berre kr. 2,60 pr. kg. for ekta gjeitost. På Stavanger utstillingen 1912 fekk me tildelt 2dre præmi for osten vor. Ingenting av elektrisk hadde medå, so me fyra berre med ved unner ystegrytene.

Då barni vore vaks til og skulle byrja på skulen var det for lang og dårlig veg å gå yver heia, og avhengig av vær og vind, so me selde då heiegarden med skogen til Stavanger komune som då var i brendselnaud og arbeidsløysa 1916. Der dreiv dei i Skogen i fleire år med ein arbeidsformann i teten og hogde ut masse ved. Dei måtte mudra opp eit stryk (rån) mellom to vatn, so dei kunne koma fram i motorbåt med favnaveden til stationen o.s.v. fram.-

Ofte når eg tenkjer attende på den tid då me ysta derinne og det yrar av liv yver lidar og knauser og me var sjølv unge og vonfulle So syng eg ut med [PERSON]: "Da griper mig en lengsel til Skog og til fjell, jeg hører atter bjeller og lurlokk ved kveld og sus gjennom skjeggede graner."

No er mange år farne sidan; me har livt opp to Verdskrigar og heimsbilæte hev vorte som umsnudd både i levesett og arbeid og framgang